

Stavanger bispedømme

Årsrapport 2013



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømme

Innhald

Innhald	2
A.Tilstanden i bispedømmet	3
1. Ei levande kyrkje	3
2. Årsstatistikken for 2013	5
a. Hovudtrendar	5
b. Svekka oppslutning om dåp	6
c. Konfirmasjon	10
d. Vigsel	11
e. Gravferd	12
f. Medlemsskap	12
g. Offer, gjevarteneste og innsamling.....	13
3. Kyrkjeleg dialogsenter Stavanger.....	15
B. Måloppnåing i forhold til årsplanen for 2013	17
1. <i>Kyrkjeleg verksemd</i>	18
a. Gudstenesteliv	18
b. Barn og unge	26
c. Diakoni.....	46
d. Kultur.....	52
e. Misjon og økumenikk.....	60
f. Visitas	66
g. Medarbeidarskap	68
h. Inkludering.....	69
2. <i>Stimulering av økt samarbeid mellom kyrkjelydane og dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja</i>	74
2.1. Administrasjon	74
2.2. Evaluering og målstyring.....	81
2.3. Lokalt samarbeid	82
2.4. Bruk av elektroniske løysingar	83
2.5. Informasjon	84
2.6. Demokrati.....	86
3. <i>Prestetenesta</i>	87
3.1. Nasjonale mål: Prestedekning og rekruttering	87
3.2. Nasjonale mål: Arbeidsmiljø og personalpolitikk.....	90
3.3. Nasjonale mål: Kvinner i presteteneste og leiarstillingar	94
3.4. Regionale mål: Prostetenesta	94
3.5. Regionale mål: Forvaltning av prestebustadar	97
3.6. Regionale mål: Vegen til presteteneste (VTP).....	98

A. Tilstanden i bispedømmet

1. Ei levande kyrkje

Den norske kyrkja i Rogaland er ei mangfaldig kyrkje. Ei ganske så vital kyrkje. Ei kyrkje der mange vil mykje. Ho er ei kyrkje som ikkje slår seg til ro. Ho vil vere misjonar. Nåverande biskop formulerte i starten av tenesta si ein slik visjon for bispedømmet:

Vi er sendt av den treeinige Gud for å dela evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling.

Ei kyrkje med ein slik visjon har alltid noko å ta tak i! Alltid nokon å nå. Alltid nokon å dele med. Alltid nokon å vise omsorg. Herfrå – og til enden av jorda.

Det me vil, det gjer me. Slik heiter det seg i den jærskulturen. Det er mykje av denne kulturen i kyrkja i sør-vest. Derfor finn vi mykje dugnad i denne kyrkja. Tilsette som strekkjer seg langt. Prestar med fleire utførte tenester enn nokon anna stad i landet. Det er ikkje bare fordi her er for få prestar til å dele på tenestene i eit bispedøme som veks – både i folketal og medlemmar. Det er òg fordi prestane eig i den same dugnadsviljen.



Stiftsdirektør Åge Bognø

Men det er kanskje alle dei frivillige som meir enn alt anna er typisk for kyrkja i Rogaland. Det er mange av dei! Særs mange. I alle delar av verksemda. Rett nok slit ein med endringane som skjer mellom dei frivillige – her som elles i kyrkja. «What's in it for me?». Kva får eg att for innsatsen? Det spør ein oftare enn før. Her òg. Ein kan stille opp i avgrensa oppgåver som «Lys vaken» eller dugnaden på kyrkjelydshuset ein kveld på hausten. Men 4 år i soknerådet? Det blir i meste laget. Mange møter vi att i dei mange oppgåvene i kyrkje og organisasjonsliv. Lyttar vi, seier mange at dei er slitne. Mange ber for mykje. Vi vil etter alt å døma sjå enno større utfordringar i rekruttering av frivillige dei næraste åra. Om vi ikkje maktar å leggja betre til rette for rekruttering og oppfølging av dei.

Helgene blir skjerma. Hytta dreg sterkare enn det å gå til gudsteneste. Rogalendingar reiser oftare til varmen i Syden enn folk nokon annan stad i

landet. Det fortel reiseoperatørane, med stjerner i blikket. Slikt endrar vanane til kyrkjefolket seg òg.

Enno ser vi ikkje særleg store utslag av kulturendringane i gudstenestetala. Men om vi ser oss om i kyrkjeromma, ser vi færre som går der ofte. Samstundes er det fleire som kjem til kyrkje av og til.

I ei folkekyrkje er det avgjerande at mange framleis ber barna sine til dåp. For borna si skuld.

Nå ser vi at noko skjer. Færre blir døypte. Først kom endringa i byane. Nå ser vi at det same skjer i nokre av dei større bygdene og bygdebyane. Vi ser ei *vesentleg* endring. Årsakene er mange. Besteforeldregenerasjonen spør ikkje etter om ikkje borna skal døypast slik dei gjorde meir før. Unge foreldre manglar erfaringar frå ungdomsarbeid i kyrkjer og bedehus. Dei har ikkje dei naturlege kontaktane med kyrkja lenger. Og kyrkja talar lite om dåpen – og gåva dåpen gjev. Ikkje i det offentlege rom. Ikkje i kyrkjelydsblada heller. Vi treng ei dåpsvekking i kyrkja. Mellom prestar og andre tilsette. Mellom tillitsvalde og kjernetroppene. I gudstenestene. Ei dåpsglede som smittar. Ein dåpsaksjon er starta i bispedømmet. Nedanfrå. Fleire av dei større fellesråda har sammen med BDR tatt initiativ til ei satsing på dåp. Det trengs ei brei mobilisering om vi skal stanse nedgangen i dåpstala.

Stavanger bispedømmeråd ønskjer å satsa breidt på nokre prioriterte prosjekt i dei næraste åra:

- Trusopplæringsreforma sett ut i livet i alle kyrkjelydane.
- Ein dåpsaksjon vi håpar å samle heile bispedømmet om etter kvart.
- Fornye arbeidet med rekruttering og oppfølging av dei frivillige.
- Satsing på fleire samlingsstadar for ungdom i alle delar av bispedømmet.
- Fleire samla til gudstenestene.

Vi trur at dette er avgjerande strategiar for å byggje ei vital folkekyrkje her i Rogaland. Ei kyrkje som vil dele evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling. Ei kyrkje for og mellom folket i Rogaland. Ei lokal kyrkje. Men og ei kyrkje som engasjerer seg nasjonalt og globalt. Den kan ikkje anna – ut frå oppdraget sitt!

Åge Bognø

Stiftsdirektør

Stavanger bispedømme

2. Årsstatistikken for 2013

a. Hovudtrendar

Bispedømmet har samla inn data frå kyrkjelydane om utviklinga når det gjeld medlemskap, gudstenester, kyrkjelege handlingar og offer, gjevarteneste og eigne innsamlingar. SSB reviderer tala frå kyrkjelydane og publiserer dette til sommaren, men truleg er tala alt nå presise nok til å seia noko om utviklinga på desse felta.

Kort sagt kan utviklinga oppsummerast slik: Frå 2012-2013 har oppslutninga om gudstenester vore stabil. Fallet i deltaking ein såg frå toppen i 2011 har ikkje halde fram, og deltakinga held seg på det nivået ho har vore den siste perioden. Me skriv meir om dette i kapitlet om gudstenesta.

Samstundes ser me at oppslutninga om både dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd fell. SSB har enno ikkje publisert tal på fødde i 2013, men me kan sjå at det absolutte talet for kor mange som er døypte er heile 8 % lågare enn i 2012. Det er eit dramatisk fall på eit år. Meir om dette kjem i eit eige avsnitt.



Gudsteneste på Unqdomstinget

Me ser at det også var færre av dei andre kyrkjelege handlingane i fjor. Samla sett er det altså fallande oppslutning om dei store folkekyrkjelege hendingane.

Når det gjeld vigsel er det snakk om ein trend som held fram. Utviklinga er meir ny i bispedømmet

når det gjeld konfirmasjon, og det er vanskeleg å konkludera når det gjeld gravferd når me ikkje har tal på døde. Prosentar seier meir enn absolutte tal.

Uansett viser dette at det kan vera kulturelle og samfunnsmessige endringar på gang som påverkar oppslutninga om folkekyrkja. Det er urovekkjande. I den grad det er kulturelle endringar er det snakk om større ting enn kyrkja


påverkar åleine, men utviklinga er også ei utfordring til å vera ei attraktiv, relevant og tilgjengeleg folkekyrkje. Framleis er oppslutninga stor, men trendane gjev grunn til uro og krev strategisk arbeid. Bispedømmet er i gang med dette, noko mellom anna årsplanen for 2014 uttrykker.

Kyrkjelydane har sendt inn skjema med opplysningar om diakoni, barne- og ungdomsarbeid, kulturverksemd og anna frivillig arbeid. SSB sender ikkje ut samla oversikt over desse tala før 15. mars. Bispedømmet har derfor ikkje oversikt over eventuelle nye utviklingstrekk for 2013 på desse områda. Utviklinga for 2012 såg me på i årsrapporten frå i fjor. Då kom det foreløpige tal for heile bispedømmet før fristen for innlevering av årsrapport.

b. Svekkja oppslutning om dåp

I fjor konstaterte me at oppslutninga om dåp fell. Ein lågare andel av både fødte og barn som høyrer til Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme blir døypte.

Frå 2012-2013 ser denne trenden ut til å vera forsterka. Her er utviklinga dei siste ti åra, med nivået dei første fem samla i eit gjennomsnitt først i diagrammet.



Me ser at frå 2012 til 2013 har fallet i dåpstal akselerert. Nedgangen har aldri vore større.

Tal seier i seg sjølv lite om årsakar, men dei kan hjelpe viss ein stiller gode spørsmål og set dei i samanheng. For å få kunnskap om kva foreldre tenkjer

om dåp og kyrkje, treng ein likevel andre typar undersøkingar enn det me har for handa. Det næraste me har er KIFO sine tilstandsrapportar, som refererer til større religionsundersøkingar. I tilstandsrapporten for 2011 skriv dei at 64% av kyrkjemedlemmane synest dåpen er viktig. Med andre ord har det fram til nå vært slik at fleire enn dei som synest dåpen er viktig døyper, og at det dermed er eit potensial for fallande dåpstal, ned mot 64 % av medlemmane, pr. 2011.

Truleg kan trendar når det gjeld dåp vera sjølvforsterkande. Det kan også vera slik at talet på dei som synest dåp er viktig, er lågare blant nybakte foreldre enn t.d. blant eldre kyrkjemedlemmar. Som vi har sett og sagt før, er det altså ikkje sjølv sagt at oppslutninga om dåp held seg der ho er i dag.

I årsrapporten for 2011 såg me dessutan at dåpsprosent statistisk sett ikkje hang saman med omfanget av kyrkjeleg verksemd eller gudstenestedtaking i særleg grad. Med andre ord er det andre ting enn det årsstatistikken fangar opp som påverkar dåpsprosenten. Det er eit forhold som peikar mot at utviklinga reflekterer kulturelle og samfunnsmessige endringar.

Oppslutninga om dåp blant kyrkjemedlemmane er lettare å sjå av medlemsregisteret enn av årsstatistikken. Her er ei oversikt over dåpsprosent i prostia, frå 2008-2012. Tala for 2013 kan ikkje brukast, sidan det framleis vil vera mange av dei som er fødte på slutten av 2013 som skal døypast men ikkje har kome så langt.

Dåpsprosent i kyrkja, prostivis					
	2008	2009	2010	2011	2012
Dalane	91 %	95 %	85 %	90 %	86 %
Haugaland	90 %	92 %	90 %	85 %	87 %
Jæren	89 %	89 %	90 %	87 %	83 %
Karmøy	86 %	89 %	91 %	88 %	85 %
Ryfylke	88 %	92 %	89 %	87 %	89 %
Sandnes	83 %	88 %	82 %	78 %	78 %
Domprostiet	78 %	81 %	75 %	75 %	70 %
Tungenes	90 %	91 %	87 %	84 %	80 %
Ytre Stavanger	85 %	86 %	82 %	80 %	80 %
Stavanger bispedømme	86 %	89 %	85 %	83 %	81 %

I arbeid med desse tala har me sett at det til ein viss grad påverkar statistikken at ungar blir døypte etter dei er fylte eitt år. Det er ikkje sjeldan at me ser at dåpsprosenten i kyrkja går opp med ein prosent for eldre årskull

frå eit år til eit anna. Til tross for dette er nedgangen merkbar og reell, sjølv om dei nyaste tala ikkje er heilt endelege.

Samla sett har dåpsprosenten blant dei som høyrer til Den norske kyrkja gått gradvis ned med 8% frå 2009, eller med 5% frå 2008. Det er uansett ei vesentleg endring.

I haldningsundersøkingar kunne ein stilt spørsmål om kva som ligg bak. Frå møtet med dåpsforeldre veit me til dømes at nokre kan synast det er vanskeleg å arrangera dåpsselskap viss det aktualiserer spente familieforhold. Truleg er det òg fleire som tenkjer at barnet sjølv må velja livssyn etter kvart. Dessutan har det alltid vore ein betydeleg andel som gjev uttrykk for at å døypa handlar om tradisjon. Til dels blir samfunnet meir pluralistisk, og då kan tradisjonar svekkast.



Ein del av biletet er også sjølvsagt korleis folk stiller seg til kristen tru og praksis. Det hender i dåpssamtalar at det bare er den eine av foreldra som eigentleg ønskjer dåp, medan den andre kan kjenna dåp som ei religiøs handling det er vanskeleg å identifisera seg med. Oppslutninga om dåp reflekterer derfor – mellom anna – oppslutninga om kristen tru blant nybakte foreldre. Framleis er oppslutninga om dåp massivt høgre enn andel kyrkjemedlemmar med et aktivt kyrkjeleg engasjement i kvardagen, og ho er også høgre enn dei som i undersøkingar identifiserer seg med kristne trusstandpunkt. Med andre ord kviler oppslutninga om dåp alt no på meir enn oppslutning om dåp som eit sakrament, og i den grad tradisjon som motivasjon for dåp blir svekka, kan det føra til vidare fall i dåpsprosenten.

Innafor dette kan me sjå på utviklinga prostivis. I Domprostiet fell dåpsprosenten med 5 % frå 2011-2012. I Ytre Stavanger kom det store fallet i 2010, medan 2013 låg på 2012-nivå. Internt i Stavanger er oppslutninga om dåp svakast i sentrum og på Storhaug og best i forstadsområda. Demografi kan altså vera ei forklaring. Asbjørn Salthe har i si masteroppgåve, som er referert i tidlegare rapportar, funne teikn på at

oppslutninga om dåp er noko svakare i begge ytterkantane av levekårsindeksen.

Både Dalane og Karmøy har store variasjonar frå år til år, men 2012 var eit svakt år. Tungenes og Jæren fell med 3-4 % i 2011 og 2012, sjølv om andelen døypte auka med ein prosent for nokre av dei eldre kulla her i løpet av 2013, noko som gjer at ein kanskje kan venta vidare utvikling for dei nyare kulla òg, utan at dette heilt vil utlikna fallet.

I Sandnes prosti var dåpsprosenten i kyrkja stabil, etter eit fall frå 2011-2012. Haugaland prosti, som har sentrale område som lenge har vore inne i trusopplæringsreforma, har vekst i dåpsprosenten frå 2012-2013, etter eit fall i 2011. Det er interessant. Ryfylke prosti har også høgre dåpsprosent i 2012 enn i 2011 og ligg relativt stabilt.

Det er heilt klare skilnader mellom by og land i denne statistikken. Tradisjonar og kyrkjeliv står sterkare i mindre lokalsamfunn og i distrikta, mens dåpsprosenten er svakast i Stavanger sentrum, også blant kyrkjemedlemmane. Er det ikkje urbant nok å døypa? Bur det andre befolkningsgrupper i bysentra, der dåpen ikkje står like sterkt?

Kunnskapen me har kan og gje retning på tiltaka. For å vinna tilbake den breie oppslutninga om dåp, må kyrkja altså vera klart og positivt til stades i kulturen, overfor breidda av småbarnsfamiliane. Kvaliteten på dei kyrkjelege møtepunkta med denne gruppa er sjølv sagt viktig. Tiltak i byane er spesielt viktig.

Satsing på trusopplæring kan skapa endring. Konfirmasjonen er eit strategisk møtepunkt med dei som seinare blir foreldre. Men utviklinga kan også handla om kva plass kyrkja har i befolkninga og korleis ho blir oppfatta. Når kyrkja kan sjå ut til å gå mot ein delvis svekka posisjon, blir kontakten med breidda av folket ekstra viktig, både på dei møtepunkta som finst internt i kyrkja og når kyrkja tek initiativ til å vera på offentlege arenaer, i media og i samfunnet.



For kyrkja har det verdi i seg sjølv å feira eit nyfødt menneske og dele foreldra si glede, forventning, ansvarskjensle og kjærleik. Løfta i dåpen er verksame i kraft av ordet og vatnet, uavhengig av kva medvite forhold foreldra har til kristen tru. Ei luthersk kyrkje kan møte alle familiar som ønskjer det med Guds gåver og

inkludering i fellesskapet. I dåpen gjev ho alltid eit møte med Guds nåde, uansett kva forhold familien har i forhold til dei tankemessige sidene av trua. For framtida ligg det ein invitasjon til deltaking og kristen tru og liv i dåpen, ikkje tvang til tru, sjølv om dåpen gjev tilknytning til kyrkja og formidlar Den Heilage Ande.

Det foreldre og fadrear forpliktar seg til, er å leggja til rette for trusopplæring, så det blir mogleg å bevare identiteten som døypt.

Oppslutninga om dåp reflekterer både folk si haldning til tradisjon og til kristen tru og praksis. Utviklinga kan gje oss inspirasjon til å vera betre på å formidla kva dåp er og gjev og til å bli betre på kommunikasjon med dei som ikkje utan vidare kjenner tilknytning eller identifikasjon i møte med kyrkja, sjølv om dei er kyrkjemedlemmar.


Å satsa på dåp blir derfor ei sentral satsing for kyrkja framover, der utviklinga vil ha mykje å seia for kyrkja si plass i folket. I årsplanen for 2014 startar dette arbeidet mellom anna med ein «dåpsaksjon».

c. Konfirmasjon

Konfirmasjon i Stavanger bispedømme 2007-2011							
	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Konfirmasjonsprosent av døypte	86 %	94 %	91 %	92 %	92 %	90 %	89 %
Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande			86 %	86 %	86 %	85 %	84 %
Konfirmasjonsprosent av alle		72 %	74 %	73 %	72 %	71 %	67 %
Konfirmerte	4347	4299	4390	4421	4423	4346	4185


Konfirmasjonsstatistikken viser at 9 av 10 døypte og mellom 8 og 9 av alle som høyrer til Den norske kyrkja vel kyrkjeleg konfirmasjon. Tala er relativt stabile, men det har vore ein svak nedgang dei siste to åra. Konfirmasjon står det meir om i avsnittet om barn, unge og trusopplæring.

d. Vigsel



Dei siste åra har det blitt stadig færre som gifter seg i kyrkja. Eitt av fem brudepar har blitt borte sidan førre femårsperiode.

Me har ikkje dei nyaste tala for kor stor andel av vigslane Den norske kyrkja har, men sidan 2004 har det blitt færre vigslar i kyrkja, men fleire i utlandet og andre trussamfunn.



Kyrkja sin andel av vigslane har søkke med 10% sidan 2004, med ein relativt jamn nedgang kvart år. Framleis skjer flest vigslar i kyrkja, men det er ei svak auke i talet på borgarlege vigslar òg.

Auka hjå andre trussamfunn peikar mot at endringane delvis skuldast endringar i samansetninga av befolkninga. At det er fleire vigslar i utlandet, stadfestar inntrykket av at brudepar ønskjer seg feiring med individuelt preg, kanskje også utan dei store kostnadane eit tradisjonelt bryllaup fører med seg. Ønsket om vigslar med personleg preg er merkbar også i prestane sine møte med brudepar.

Dette kan tolkast som at endringane fyrst og framst handlar om måten folk ønskjer å markera ekteskapsinngåing, snarare enn grunnleggjande endringar i forholdet til kyrkja. Men det tyder på at kulturen vår har ei rørsle frå store kollektive tradisjonar til individuelle uttrykk.

e. Gravferd

Det var 96 færre gravferder i kyrkja i 2013 enn i 2012. Det er ei lita nedgang. I det siste har nokre gravferdsbyrå utvida tilbodet sitt med egne seremoniar. I 2012 kom det også ein statleg, livssynsnøytral gravferdsseremoni.

Me har ikkje tal for døde i 2013 eller tal på gravferder i regi av andre. Det er derfor vanskeleg å sjå andre trendar enn at det var nokre færre kyrkjelege gravferder i 2013 enn før.

f. Medlemsskap

Som tidlegare år, fører innmeldingar og utmeldingar bare til marginale endringar i medlemsskap. Det var både færre innmeldingar og utmeldingar av kyrkja i 2013. Med andre ord har heller ikkje kyrkjelege hendingar i 2013 skapt noko utmeldingsflom.

Medlemsutviklinga er slik, med tal frå medlemsregisteret henta ut på litt ulike datoar kvart år. Talet for 31.12.2013 kjem frå Kyrkjerådet. Pr. februar gjev sjølve medlemsregisteret eit tal som er eit par tusen høgare (347798). Medlemsprosenten kan me ikkje rekna på før SSB sine tal for årsskiftet er klare.

Medlemstal	2010	2011	2012	2012	2013
Kyrkjemedlemmar	342504	343464	344735	344735	345287

Me ser at det sidan 2010 har blitt 2783 fleire kyrkjemedlemmar i bispedømmet. Dette understreker det behovet bispedømmet i andre samanhengar har peika på for å justera tildelinga til presteteneste slik at ho samsvarer både med medlemsveksten og ei balansert vekting av medlemstal, omsyn til geografi og prestane sine faktiske oppgåver. Bispedømmet gler seg over auka tildeling for 2014 og bestilling av arbeid med ein samla modell for fordeling av presteressursar nasjonalt.

Me uroar oss for at 17-åringar som høyrer til kyrkja utan å vera registrerte som døypte, sjeldan får melding om at dei vil mista kyrkjetilknytninga ved fylte 18 år. Det ville vore interessant med ei rutine for å informera denne gruppa om at dei vil mista tilknytninga til Den norske kyrkja når dei blir myndige, og sjå om det ville gje endring. Informasjon om dette er også relevant i konfirmasjonsfasen, når 14-åringar som ikkje er døypte på nytt møter sjansen til å bli det.

g. Offer, gjevarteneste og innsamling

Kyrkjegjengarane i Rogaland gav 20,7 millionar kroner i takkoffer i 2013. Det blei samla inn 20,6 millionar i gjevarteneste. Til eiga verksemd blei det til saman samla inn 36,7 millionar kroner.

I gjennomsnitt gjev kvar gudstenestedeltakar mellom 30 og 40 kroner i gåve. Viss ein gjettar litt og legg inn nokre tenkte føresetnader etter beste evne, kan ein rekna seg fram til kor mykje gjevartenesta ligg på, fordelt på faste kyrkjegjengarar.




På bedriftsbesøk under visitas i Eigersund

I snitt er gjevartenesta då på om lag 2700 kroner årleg pr. faste kyrkjegjengarar.

Utviklingstrekka på dette området er klare. Sidan 2008 har offergåvene auka med 2,3 millionar. Gjevartenesta har auka med 6,8 millionar kroner, eller med nær 50%. Mange kyrkjelydar har satsa på gjevarteneste og lukkast med det. I fjor var det også ei auke, men mykje mindre enn tidlegare år. Likevel auka det totale beløpet samla inn til eiga verksemd med 2,8 millionar, på grunn av andre innsamlingar eller at ein større del av kyrkjeofringane gjekk til kyrkjelyden.

Her er eit diagram over utviklinga:



Det er lokale og regionale forskjellar mellom kyrkjelydar. Spesielt er dette merkbart når det gjeld gjevarteneste. Nokre kyrkjelydar har ikkje tradisjon for dette, og har ikkje gjevarteneste i det heile. Det gjeld særleg i distrikta. Der er det også tydeleg at ein mindre del av dei innsamla midlane går til eiga verksemd.

Kulturen for gjevarteneste er sterkast i Sandnes og på Jæren. Den er sterkare i Ytre Stavanger enn i Stavanger sentrum, og svakare igjen i distrikta. I Haugaland prosti er tala påfallande låge. Her er det bare Førresfjorden som har ei gjevarteneste av ein viss storleik, medan dei store kyrkjelydane i Haugesund og distriktskyrkjelydane i Vindafjord i svært liten grad utnytter sjansane.

	Gjevarteneste	Gjevarteneste / sum gudst snitt
Dalane prosti	513960	781
Domprostiet	1142550	1067
Haugaland prosti	492790	289
Jæren prosti	6137374	3210
Karmøy prosti	1787954	1568
Ryfylke prosti	937050	783
Sandnes prosti	4989254	3659
Tungenes prosti	2375270	1572
Ytre Stavanger prosti	2268510	2003
SUM, Stavanger BD	20644712	1762

Gjevarteneste er eit uttrykk for kyrkjeleg engasjement. På prostnivå er det ca. 33 % statistisk samanheng mellom gjennomsnittleg gudstenestedeltaking og gjevarteneste. Det frivillige engasjementet står sterkt i dei områda der gjevartenesta er høgast. Fire sokn (samlar inn over ein million kroner (Ålgård, Bymenigheten, Gand og Frøyland og Orstad). Bispedømmet har ei heilt klar haldning til at gjevarinnsats ikkje skal føra til mindre offentlege ressursar – sidan sjølve føremålet for innsamlinga er å få til meir enn det offentlege middel rekk til.

Auka i gjevarteneste dei seinare åra, saman med skilnadane internt og mellom ulike regionar, viser eit potensial som fleire kyrkjelydar kan utnytta.

3. Kyrkjeleg dialogsenter Stavanger

Kyrkjeleg Dialogsenter Stavanger er ei ikkje-kommersiell foreining som blei etablert i juni 2012 og som arbeidar med religions- og kulturdialog gjennom interreligiøse nettverk, dialogopplæring i kyrkjeleg samanheng, samt dialogisk kontemplativ praksis m.a. gjennom månadlege kveldsgudstenester.

Foreininga blei etablert i 2012 med tre eigarar: Stavanger Bispedømmeråd, Stiftelsen Areopagos og Stavanger Kyrkelege Fellesråd. I 2013 har BDR sett inn 120 000 kroner i drifta av senteret. Dei andre eigarane har sett inn til saman 190 000 kroner, i tillegg til betydelege tilskot frå Stavanger og Sandnes kommunar, legatmidlar, private gåver og ofringar. Foreininga er eit treårig prosjekt (2012-2015). Dersom prosjektet lukkast etter prosjektperioden, er det ei målsetting å drive vidare som permanent tiltak. Senteret har kontorlokale i Kulturbanken, Domkyrkjeplassen 3, 4006 Stavanger.

Senteret har tilsett prest, Odd Kristian Reme som dagleg leiar og dialogprest i full stilling. Frå september 2013 har senteret engasjert prest, Silje Trym Mathiassen i deltidsstilling; i denne omgang fram til sommaren 2014. Ho arbeider særleg med kyrkja sin kontemplative praksis og samarbeider med nyåndelege miljø i bispedømmet.

Arrangement og prosjekt

Kyrkjelig Dialogsenter i samarbeid med STL Stavanger (Samarbeidsrådet for Trus- og Livssynssamfunn) gjennomførte ti opne dialogkveldar i 2013 og 10 kveldsgudstenester i St Petri kyrkje i 2013 med 37 deltakarar i snitt.

KDS har ført til at den tidlegare 'Dialoggruppen' knytt til STL har utvikla seg til eit breiare nettverk.

KDS har i 2013 lansert eit eige prosjekt med tittelen «Ung Dialog», der målsetninga m.a. er å mobilisere unge kristne, muslimar og andre unge til praktisk dialog, og utvikle eit kursprogram for grunnskulen og vidaregåande skule. Senteret samarbeider m.a. med bispedømmet sitt ungdomsråd om dette.

Senteret arbeider òg med å utvikle dialog og samarbeid mellom Stavanger og dei to venskapsbyane Nablus (Palestina) og Netanya (Israel). Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med Stavanger kommune og dei to vennskapsforeiningane. Daglig leiar deltar i ei arbeidsgruppe oppnemnd av Mellomkyrkjeleg Råd for å utarbeide ressursmateriell om dialog og mangfald til Kyrkemøtet i 2015.



Møte med religiøse leiarar under studieturen til Israel og Palestina

B. Måloppnåing i forhold til årsplanen for 2013

Rapporteringa i dette avsnittet er disponert etter årsplanen for 2013. Dei ulike måla og resultatindikatorane er integrert i årsplanen.

Framst i kvart avsnitt er hovudmål og resultatindikatorar frå årsplan 2013 sett opp. I den grad administrasjonen har vurdert det relevant for om hovudmålet er nådd, er det rapportert på dei ulike delmåla.

Her følgjer ei samla oversikt over dei nasjonale måla og indikatorane:

Vedlegg 4A: Mål, resultatmål og indikatorer for bevilgningene til Kirkerådet og bispedømmerådene, kap. 1590 (revidert mai 2013, jf. Kirkerådets brev 6. desember 2012)

Hovedmål			
Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og felleskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemotets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke.			
A. Kirkerådet og bispedømmerådene skal legge til rette for at Kirkemotets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene.			
MÅL	Resultatmål	Resultatindikatorer	
Delmål GUDSTJENESTELIV: Kirkens gudstjenesteliv skal fornyes slik at det gir rom for større fleksibilitet og valgfrihet i menighetene, mer involvering fra flere deltakere og sterkere stedlig forankring	Øke gudstjenestedeltakelsen	Gjennomsnittlig deltakelse pr. gudstjeneste. Gjennomsnittlig deltakelse pr. gudstjeneste på søn- og helligdager.	
Delmål BARN OG UNGE: Trosopplæringsreformen skal videreføres, med sikte på å utvikle et systematisk og sammenhengende trosopplæringsstilbud for alle døpte mellom 0 og 18 år.	Øke utbredelsen av trosopplæringsreformen	Andel menigheter i bispedømmet som er tilført trosopplæringsmidler i 2013	
	Omfanget av trosopplæringsstilbudet i menighetene	Gjennomsnittlig antall timer trosopplæringsstilbud i menigheter med godkjent plan.	
	Oppslutningen om trosopplæringsstilbudene	Gjennomsnittlig deltakerandel ved et utvalg trosopplæringsstilbud i menigheter som har godkjent plan.	
	Øke antall menigheter som har fått godkjent plan.	Antall godkjente planer.	
Delmål DIAKONI: Menighetenes diakonale omsorgstjeneste skal styrkes, slik at den kommer til uttrykk gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.	Øke antallet diakoner	Andel sokn som har diakonal betjening.	
	Øke antallet menigheter som har vedtatt lokal diakoniplan	Andel sokn som har vedtatt lokal plan.	
Delmål KULTUR: Kirken skal videreutvikle og styrke sin rolle som kulturformidler ved å satse på bredde, kvalitet og samspill mellom amatører og profesjonelle aktører.	Øke statlig og kommunale finansiering av kultur i kirkene og/ eller i regi av menighet og bispedømmeråd.	Antall kulturprosjekter med offentlig tilskudd	
	Øke samarbeidet mellom kirke og kultursektoren.	Antall nye samarbeidstiltak siste år.	
	Øke kirkelig kulturkompetanse	Antall tiltak og/ eller deltakere på kompetansehevede tiltak i bispedømmet	
Delmål SAMISK KIRKELIV: Samisk kirkeliv skal utvikles i pakt med samiske tradisjoner og samisk selvforståelse, som en nødvendig og likeverdig del av Den norske kirke.	Styrke ivaretagelsen av samisk språk og kultur i gudstjenester og trosopplæring (i Oslo og de tre nordligste bispedømmene)	Andel menigheter som har innarbeidet samisk språk i lokal ordning for gudstjenesten.	
		Andel menigheter som har innarbeidet samisk språk og kultur i lokal trosopplæringsplan.	
B. Kirkerådet og bispedømmerådene skal stimulere til økt samarbeid mellom menighetene og mellom de ulike forvaltningsnivåene i kirken.			
Delmål BISPEDØMMERÅDETS ADMINISTRASJON: Utvikle bispedømmerådets administrasjon for å oppnå økt effektivitet og bedre servicenivå	Bidra til at bispedømmerådernes forvaltning er funksjonell, kostnadseffektiv og brukerorientert.	Budsjett og regnskap er i balanse. Brukerundersøkelser er gjennomført	
Delmål IKT: Ta i bruk og utnytte elektroniske hjelpemidler	Utvikle velfungerende hjemmesider.	Antall treff på hjemmesidene	

1. Kyrkjeleg verksemd

a. Gudstenesteliv

Vi vil spela ei aktiv rolle i utviklinga av eit gudstenesteliv med vekt på lokal forankring, involvering og fleksibilitet.

Resultatmål	Styringsparameter 2013	Resultatindikator 2013
Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkjande, lokalt forankra kyrkje	Oppslutninga om gudstenestelivet i kyrkjelydane	Gjennomsnittleg deltaking i gudstenester søn- og helgedag
	Implementeringa av gudstenestereforma	Antal lokale grunnordningar godkjent av biskopen

Målformulering	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Gudstenestelivet i kyrkja skal fornyast så det gir rom for større fleksibilitet og valfridom i kyrkjelydane, meir involvering frå fleire deltakarar og sterkare lokal forankring.	Auke gudsteneste-deltakinga.	1. Følgje opp og arbeide vidare med erfaringar frå arbeidet med ny ordning for hovudgudstenesta. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Openheit og vilje til å dele erfaringar.	Gjennomsnittleg deltaking i gudstenester. Gjennomsnittleg deltaking i gudstenester søn- og helgedagar.
		2. Bli kjent med ny salmebok. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Motiverte tilsette og tillitsvalde.	
	Alle kyrkjelydar har fått godkjent lokal ordning.	3. Følgje opp dei kyrkjelydane som har fått utsett frist til å senda søknad om lokal grunnordning. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - God dialog med kyrkjelydane.	Talet på lokale ordningar godkjent av biskopen.

Måloppnåing og vurderingar

Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme er lokalt forankra og inviterer breitt til tru og fellesskap. Ut frå resultatmål og styringsparameter er det naturleg å arbeida for *auka oppslutning* om gudstenestelivet i kyrkjelydane. Ei auka oppslutning kan sjåast i samanheng med korleis den lokalt forankra kyrkja lukkast i å invitera «alle menneske i alle aldrar og livssituasjonar» til tru og fellesskap. For å oppnå auka oppslutning, er det nødvendig med eit bevisst arbeid med gudstenesteutvikling. Resultatindikatoren er gjennomsnittleg deltaking i gudstenester søn- og helgedagar.

Mål: Auke gudstenestedeltakinga

Målet er nådd

For 2013 hadde me eit mål om å auke gudstenestedeltakinga. Bakteppet var eit stort fall i gudstenestedeltaking frå 2011-2012. 2011 var eit topp-år, men 2012 førde gudstenestedeltakinga tilbake til 2010-nivå.

Her er statistikk over utviklinga dei siste åra:

Gudstenester (Deltakartal i heile 1000)								
	Snitt 2004- 2008	2009	2010	2011	2012	2013	Utvikling 2011-12	Utv %
Gudstenester, sun- og helgedagar	4586	4563	4524	4389	4364	4294	-70	-1,5 %
Deltakarar, sun - og helgedagar	627	615	602	611	585	580	-5	-0,8 %
Gudstenester, totalt	6257	6247	6188	5911	5856	5790	-66	-1,1 %
Deltakarar, totalt	710	758	748	757	722	717	-6	-0,8 %
Nattverdgdustenester	2318	2518	2578	2579	2698	2935	237	9,2 %
Nattverdgjestar	149	150	151	162	166	178	12	8,0 %
Gjennomsnitt, alle hovudgudstenester	137	135	133	139	134	135	1	0,8 %
Gjennomsnitt pr. kyrkjelyd	128	128	126	130	125	126	1	1,1 %
Gjennomsnitt, alle gudstenester	122	121	121	128	123	123	0	0,0 %
Snitt nattverdgjestar	67	60	59	63	62	61	-1	-1,5 %

Me ser at målet om å auke den gjennomsnittlege gudstenestedeltakinga på sun- og helgedagar er nådd. Datagrunnlaget er komplisert og mangfaldig, men me vurderer dette som eit godt resultat. Det viser at det ikkje har vore

noko negativ effekt av nye lokale grunnordningar i 2013. Det kan vera eit positivt teikn på verknaden av trusopplæring, og det viser at det ikkje har vore problematisk for total deltaking å auka nattverdfrekvensen på gudstenestene.

Me ser også at den totale gudstenestedeltakinga går ned, men sett i relasjon til at også talet på gudstenester er redusert, er det i realiteten ei styrking av den gjennomsnittlege gudstenestedeltakinga. Utviklinga i gudstenestedeltaking i bispedømmet kan altså sjåast som forsiktig positiv. Me ser likevel at det er årvisse veksingar, slik at hovudinntrykket må vera at det er stabilitet.

Ein merkbar trend i statistikken for 2013 er at det blir halde mange fleire nattverd gudstenester. Det heng saman med dei nye lokale grunnordningane. Det auka tilbodet fører til auka total deltaking, men den gjennomsnittlege



nattverddeltakinga har så vidt gått ned. Generelt sett er det også her stabilitet. I sine årsrapportar har prostane i bispedømmet understreka at kyrkjelivet i prostia først er rimeleg stabilt.

Ser vi på utviklinga i prostia, er den

tydelegaste tendensen at svekka tilbod gjev svekka deltaking. Bispedømmet har mista 70 sun- og helgedagsgudstenester det siste året. Kvifor dette har skjedd og vesentleg i fire av prostia, veit vi ikkje. Men det blir å fylgja opp. Det har ikkje vore mangel på midlar til å sette inn vikarteneste i desse prostia for å halda opp gudstenestefrekvensen og bakvakttenestene kan nyttast meir om det er naudsynt.

Elles er det svært god utvikling for gudstenestelivet i Ryfylke. Sandnes har ein markant nedgang. I Ryfylke er det oppgang fleire stader, størst i Jørpeland og Strand. I Sandnes er det nedgang i sju av ni sokn, men særleg tre stader. Til dels kan svingingane her sjåast saman med vakansar.

Prostivis oversikt, utvikling 2012-2013

(Svarte tal: Vekst. Røde tal: Nedgang.)

	Guds- tenester, sun- og helgedagar	Deltakarar sun- og helgedagar	Total guds- teneste- deltaking	Gudst. med natt- verd	Del- takarar natt- verd	Gjennom- snittleg deltaking	Gjennom- snitt, nattverd deltaking
Dalane	1	-90	-2059	14	657	-1	0
Domprostiet	-12	-202	-245	46	2360	2	0
Haugaland	-20	-642	-887	-8	1461	3	5
Jæren	0	241	-1822	47	3513	0	0
Karmøy	-7	-1320	4981	16	98	-1	-5
Ryfylke	4	3850	1986	15	1218	9	2
Sandnes	-27	-7419	-5154	62	660	-6	-10
Tungenes	-25	-817	-1421	19	581	5	-3
Ytre Stavanger	16	1435	-1013	26	1516	-2	0
Totalt	-70	-4964	-5634	237	12064	1	-1

St. Petri, Jørpeland, Hana, Sunde, Frøyland og Orstad og Bryne fekk alle over 20 fleire gudstenestedeltakarar i snitt i 2013. Dei største gudstenestekyrkjelydane er Nærbø (297), Frøyland og Orstad (287), Gand (266), ByMenigheten (223), Jørpeland (221) og Bogafjell (219 – med reelt høgre snitt for Bogafjell, sidan Figgjo tel med i dette soknet og me ikkje har separat statistikk for kvar av dei to stadane der det blir feira gudsteneste i soknet).

Me kan også lesa interessante tal når me ser på deltakinga i prostia i sum.

	Deltaking sun- og helge- dagar	Deltaking alle gudst.	Deltaking nattverd	Snitt, sun- og helged.	Snitt, nattverd	Snitt, sun & helged. / medlemmar
Dalane	32903	39098	6609	658	265	3,5 %
Domprostiet	63119	89372	33919	1071	492	2,5 %
Haugaland	70116	87795	17066	1708	647	3,8 %
Jæren	101892	114928	26992	1912	903	3,6 %
Karmøy	58365	75522	16635	1140	596	3,3 %
Ryfylke	45621	51075	10904	1196	464	5,7 %
Sandnes	77704	95754	27580	1364	678	2,6 %
Tungenes	66423	81827	19260	1511	766	4,4 %
Ytre Stavanger	63712	81292	19031	1132	488	2,4 %
STAVANGER BD	579855	716663	177996	11151	5455	3,2 %

Mykje av dette reflekterer storleiken på prostia. Me kan likevel sjå at Jæren prosti har høg gudstenestedeltaking. Me ser også klart at det er systematisk skilnad mellom distrikta og sentrale strøk. I distrikta når ein ein større del av medlemmane. Dei små kyrkjelydane har generelt også mykje større prosentvis frammøte blant medlemmane.

Det er ei kjend hypotese frå kyrkjevekst - tenkinga at det er vanskeleg å forma faste gudstenestefellesskap med meir enn 200 deltakarar, og når me ser statistikken, så kan det nesten verka som det finst eit slikt tak, særleg viss me hugsar at det også ligg andre enn dei faste kyrkjegjengarane inne i gjennomsnitta. Når me så ser at fleire av dei kyrkjelydane som har god deltaking er relativt nye, er det naturleg å tenkja at for å oppnå god gudstenestedeltaking, prosentvis og absolutt, er det viktig at ikkje einingane blir alt for store. Bispedømmet sin strategi for kyrkjelydsplanting og eit variert gudstenestetilbod heng godt saman med statistikken.

I årsplanen for 2014 ønskjer bispedømmet å satsa vidare på gudstenesta. Det er eit av hovudsatsingsområda for dei næraste åra. Biskopen og REU har også vedtatt ein kompetanseplan som mellom anna fokuserer på styrking av forkynninga.



Mål: Følgje opp og arbeide vidare med erfaringar frå arbeidet med ny ordning for hovudgudstenesta

Målet er nådd

Etter at vi året før hadde vi eit særskild fokus på arbeidet med godkjenning lokale grunnordningar, var eit av måla for 2013 å følgje opp og arbeide vidare med erfaringar frå arbeidet, både med tanke på det kontinuerlege gudstenestearbeidet og neste runde med godkjenning.

Tilbakemeldingar frå prostia og spørjeundersøking (questback) blant kursdeltakarar på innføringskurs i 2011 og 2012, som blei utførleg omtala i årsrapport for 2012, synte at det var stor skepsis til sjølve ramane Kyrkjemøtet hadde sett for gudstenestereforma og at ein har ein veg å gå for å skapa entusiasme for innføring av ny gudstenesteordning. Med utgangspunkt i dette, valde ein i 2013 å prioritere prostivise samlingar. Alle prosti skulle ha samlingar i kvart semester, både for prestar og for prestar/kantorar, der dei deler erfaringar med innføring av lokale grunnordningar. Ein skulle til desse samlingane utarbeide eit forslag til mal for ei god erfaringsdeling.

Nokre av prostia har tatt denne erfaringsdelinga inn til dømes i pastoralsamlingar og andre samlingar for tilsette i prostiet. Av ulike grunnar har den prostivise oppfølginga ikkje blitt så systematisk som planlagt. Det har både blant prestar og kantorar har arbeidet med lokal grunnordning



Preikestolen kan også sjåast nedanfrå

skapt ei viss slitasje. Sidan prosessen med ny godkjenning har vorte utsett eit år, til hausten 2015, har erfaringsdeling og ein mal for denne blitt skyve fram i tid.

Når det gjeld kursa for leke gudstenesteleiarar og for vikarar og kyrkjemusikarar i små stillinga, blei dess slegne saman til eit kurs. Dette blei gjennomført september 2013 med god oppslutning, særleg frå leke gudstenesteleiarar. Tilbakemeldingar tyder på at kurset dekkar eit behov hjå grupper som ikkje hadde fått med seg innføringskursa.

Mål: Bli kjend med ny salmebok

Målet er nådd

I samband med innføring av ny salmebok, blei kyrkjelydar i bispedømmet oppmoda til å ha opne salmekvelder og ei salmegudsteneste for å bli kjent med den nye salmeskatten.

Når det gjaldt opne salmekvelder, gjekk oppmodinga ut om å arrangere prostivise samlingar. Frå bispedømmet si side tilbaud ein å leggja til rette for ein felles inspirasjonskveld for arbeidsgrupper for dei prostia som ynskte å det. Sidan berre eit prosti hadde planar om å arrangere open salmekveld, blei det, i forståing med dette prostiet, ikkje arrangert felles inspirasjonskveld.

Når det gjaldt salmegudstenester, blei det sett ned ei eiga arbeidsgruppe med ein prest, to kantorer og kulturrådgevar. Gruppa utarbeidde eit forslag til liturgi og salmar som kunne nyttast. Fleire kyrkjelydar nytta seg av dette og arrangerte salmegudstenester i adventstida, slik ein hadde lagt opp til. Gruppa hadde gjort eit solid arbeid og laga eit opplegg av høg kvalitet.

Mål: Følgje opp dei kyrkjelydane som har fått utsett frist til å sende søknad om lokal grunnordning

Målet er delvis nådd

I samband med innføring av ny ordning for hovudgudstenesta, var det berre eit fåtal av i alt 96 kyrkjelydar som ikkje hadde fått godkjent lokale grunnordningar innan utgangen av 2012.* Dette skuldast i all hovudsak personalsituasjon, blant anna skifte i sokneprestestilling. Av dei seks kyrkjelydane som ikkje hadde fått godkjent ordninga innan utgangen av 2012, blei tre godkjende i 2013 (Klepp stasjon i Klepp sokn, Høyland sokn og Jørpeland sokn). Tre kyrkjelydar har søkt om og fått utsett frist til 2014 (ByMenigheten Sandnes, Bogafjell, Frøyland og Orstad).

Når det gjeld innføringa av gudstenestereforma oppfølging i dei kyrkjelydane som har fått utsett frist, har prostane ei nøkkelrolle. Dei har difor jamleg fått oppdateringar om status slik at dei kan vere best mogleg rusta til å følge opp presteskapet og vere tett på prosessane i sine prosti. Innspel frå prostane om at kyrkjelydane trengde tid for å få innarbeidd ny ordning var avgjerande for at biskopen valde å utsetje prosessen med ny godkjenning med eit år, til hausten 2015. Ei anna vurdering som låg til grunn for denne avgjerla, var at tidspress ville forsterke den skepsis og misnøye som fleire kyrkjelydar hadde gitt uttrykk for.

*At talet på kyrkjelydar er høgare enn talet på sokn i bispedømmet, skuldast at nokre sokn har fleire kyrkjelydar.



Foto: Olaf Grødem

b. Barn og unge

Trusopplæring

Trusopplæringsreforma skal vidareførast, med sikte på å utvikle eit systematisk og samanhengande trusopplæringstilbod for alle døypte mellom 0 og 18 år

Målformulering	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Trusopplæringsreforma skal vidareførast, med sikte på å utvikle eit systematisk og samanhengande trusopplæringstilbod for alle døypte mellom 0 og 18 år.	Auke utbreiinga av trusopplæringsreforma. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none">- Godt samarbeid med trusopplæringskyrkjelydar, kyrkjevevjer og prostar.	1. Innføring av nye prosti i trusopplæringsreforma.	Talet på kyrkjelydar i bispedømmet som er tilført trusopplæringsmidlar i 2013.
		2. Innføring av ny plan for trusopplæring.	
	Omfanget av trusopplæringstilbodet i kyrkjelydane <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none">- Kunnskap om og arbeid for trusopplæringsreforma på alle nivå i bispedømmet.	3. Oppfølging av trusopplæringskyrkjelydar.	Gjennomsnittleg tal på timar trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som har godkjent plan.
	Oppslutning om trusopplæringstilboda <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none">- Lokalt eigarskap og stadeigen utforming av trusopplæringsarbeidet.- Bevaring og vidareformidling av trusopplæringskompetanse.	4. Vidareutvikling av konfirmantarbeidet.	Gjennomsnittleg deltaking, ved eit utval trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som har godkjent plan.
		5. Fag- og kompetanseutvikling.	
	Auke talet på kyrkjelydar som har fått godkjent plan. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none">- Tilstrekkelege ressursar til og tydeleg organisering av arbeidsoppgåvene på bispedømmekontoret.	6. Godkjenning av lokale planar for trusopplæring.	Talet på godkjente planar.

Innleiande kommentar til resultatindikatorar 2013

Årsplan for Stavanger biskop og bispedømmeråd 2013 har fire resultatindikatorar på i kva grad ein klarer å vidareføre trusopplæringsreforma.

Talet på sokn som er tilført trusopplæringsmidlar i 2013.

I 2013 fekk 66 av 92 sokn i Stavanger bispedømme tilført midlar for å gjennomføre trusopplæringsreforma for alle døypte i aldersgruppa 0 - 18 år. Av desse er 36 sokn i gjennomføringsfasen, 1 sokn i mellomfasen, og 29 sokn i driftsfasen.

I 2013 blei to nye prosti fasa inn i trusopplæringsreforma i bispedømmet: Domprostiet med 9 sokn og Jæren prosti med 12 sokn. Frå før er sokna i (gamle) Haugesund prosti (2008), Sandnes prosti (2009), Tungenes prosti (2010), Ytre Stavanger prosti (2011) og Dalane prosti (2012) innførte i reforma.

Alle prostia som er tilført midlar til trusopplæring, er i gang med trusopplæringsarbeidet.

Gjennomsnittleg timetal på opplæringstilbod i sokn som er i gjennomføringsfasen

er ein indikator på om det i Stavanger bispedømme er opparbeida eit tilbod om trusopplæring som relaterer seg til den nasjonale norma for timetal.



Sokna som er i gjennomføringsfasen, har i 2013 gitt tilbod om gjennomsnittleg 234,3 timar trusopplæring, noko som er om lag 30 timar meir enn landsgjennomsnittet. Sokna er framleis i ei oppbyggingsfase av trusopplæringsreforma, og det vil framleis gå nokre år før alle tiltaka kyrkjelydane har lagt inn i sine lokale planar, blir realisert. Målet for 2013 reknar vi derfor som oppnådd. Om ein samanliknar

timetalet i 2013 med 2012 (258 timar), så ser vi ein nedgang på om lag 15 timar.

I samband med godkjenning av planar har Stavanger bispedømmeråd vore tydeleg på at dei timane som skal telle i den systematiske og samanhengande planen skal vere tiltak som har eit potensiale til å nå breidda av alle døypte. Fleire av sokna er inne i ein prosess med å flytta

nokre av tiltaka sine frå den øvre delen av planen (punktuelle breiddetiltak) til under «Andre tilbod til barn og ungdom i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar» (kontinuerlege tiltak). Det er grunn til å tru at hovuddelen av dei timane kyrkjelydane no skriv i planane sine når breidda av alle døypte, eller har eit potensiale i seg til å nå breidda når dei etter kvart blir innarbeidde. Dette kan vera ein av forklaringane til nedgangen i timetalet frå 2012 til 2013.

Gjennomsnittleg deltaking ved eit utval trusopplæringstilbod i dei kyrkjelydane som har godkjend plan og er i driftsfasen

seier noko om kor mange barn og unge som deltek i trusopplæringa, og om ein når breidda av dei, med trusopplæring.

I gjennomsnitt deltek 54 % av målgruppa på eit utval av representative trusopplæringstilbod i sokna i driftsfasen i 2013. I 2012 var talet 51 % og i 2011 var talet 58 %. Dette tyder på at talet bølger litt frå år til år. Tala som er henta ut frå trusopplæringsreforma si rapportering, er i år frå dei prostia som er inne i reforma med godkjende planar (i driftsfasen). I fjor var alle prostia som var inne i reforma (gjennomføringsfasen), med i tala. Ein følgje av dette er at tala varierer meir enn det ein kan sjå ut frå kyrkjeleg årsstatistikk. Den gjennomsnittlege deltakinga i kvart enkelt av dei utvalde trusopplæringstilboda er som følgjer:

Alder	Tiltak	Gjennomsnittleg oppslutning	
		2012	2013
0 år	Samtale før dåp	97 %	98 %
4 år	Utdeling av bok	52 %	53 %
6 år*	Eit tidsavgrensa breiddetiltak for 6-åringar	32 %	37 %
8 år	Tårnagenthelg	21 %	29 %
Ca. 11 år	Lys Vaken	26 %	30 %
15 år	Konfirmasjon	92 %	87 %
16 år	Breiddetiltak året etter konfirmasjon	24 %	23 %

Når ein ser nærare på dei sju trusopplæringstiltaka som det er rekna gjennomsnittleg oppmøte på, ser ein at alle breiddetiltaka i småbarnsfasen og mellomfasen har ein auke i oppslutning på mellom 1 % til 8 %.



Oppslutninga om konfirmasjon sank med 5 % frå 2012 til 2013. I 2011 var oppslutninga om konfirmasjon 89 % og i 2010 84 %. Det er sannsynleg at tala bølger noko som eit resultat av at ulike prosti får godkjend plan frå år for år, og at tala for oppslutninga om konfirmasjon varierer frå prosti til prosti. Årsstatistikken frå alle kyrkjelydane i bispedømmet viser ei nokså stabil oppslutning om konfirmasjon på om lag 90 % av alle døypte dei siste åra. Det har likevel vore ein svak nedgang med ein prosent pr. år dei to siste åra. Stavanger bispedømmeråd vil følgje nøye med på oppslutninga om konfirmasjon framover, og konfirmasjon vil vera eit område med særleg fokus i 2014/2015.

Bispedømmerådet ser og at dåpstala går nedover i fleire av prostia, særleg i dei store byane. Dette er særst urovekkjande. Det er satt i gang arbeid med å finne fram til ulike tiltak i bispedømmet for å stoppe denne trenden.

Oppslutninga om breiddetiltak åra etter konfirmasjon er på 23 % i 2013. Fleire av kyrkjelydane seier at dei ikkje rapporterer på dei tiltaka dei har for ungdom, fordi dei ser at breidda av ungdom ikkje deltek. Kyrkjerådet har utvikla opplegg for fleire tiltak for ungdomar i alderen 15-18 år dei siste åra. Det vil vere viktig å implementera desse nye tiltaka i sokna.

Bispedømmerådet gjennomfører årsrapportsamtale med kontaktpersonar i alle sokna. I samband med dette oppdagar vi at talmaterialet frå sokna ikkje

alltid er godt nok kvalitetssikra. Vi tek derfor atterhald om at det kan være feilmargin i tala.

Mål

Vi skal vidareføre trusopplæringsreforma og gjennom dette arbeide for eit systematisk og samanhengande tilbod om trosopplæring for alle døypte i alderen 0-18 år. Vi vil leggje til rette for at Kyrkemøtet sine mål og strategiar blir fylgd opp i kyrkjelydane.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Innføring av nye prosti i trusopplæringsreforma.

Målet er nådd

I 2013 blei Jæren prosti og Domprostiet fasa inn i trusopplæringsreforma i Stavanger bispedømme. Prosessen med ulike samlingar for tilsette og frivillige medarbeidarar blei gjennomført etter den framdriftsplanen som var sett opp for innføringa. Tildeling av midlar blei tilført fellesråda for vidare fordeling til sokna.

I risikobiletet vi utarbeidde i årsplanen, var ein av dei kritiske suksessfaktorane at vi måtte klare å skape eit godt samarbeid med kyrkjelydar, kyrkjevevjerer og prostar som er i trusopplæringsreforma. Vi har dei siste åra utarbeidd gode rutinar for kommunikasjonen med alle dei involverte partar, og ser at det gir resultat i eit konstruktivt og godt samarbeid omkring trusopplæring.

Dette året merka vi likevel noko nytt: Fleire av sokna i Domprostiet og Jæren melde frå at dei kjende godt til reforma frå før, og fleire hadde allereie starta eit arbeid med utforming av lokal plan. Dette var i seg sjølv positivt, fordi det vitna om engasjement og vilje til å få til noko nytt i kyrkjelyden. Samstundes var det utfordrande då vi etter kvart oppdaga at sokna i nokre tilfelle trudde dei kjende reforma betre enn dei faktisk gjorde. Til dømes var det fleire som hadde jobba mykje med tiltaka i planen, men som ikkje hadde jobba så mykje med det viktige grunnlagsarbeidet i fyrste delen av planen. Det var heller ikkje alle frivillige som kunne like mykje om reforma som dei tilsette trudde dei kunne. Dette fekk konsekvensar for kveldskursa vi skulle halda i sokna og for rettleiinga i innføringsprosessen og i planarbeidet. Vi måtte jobba mykje med kommunikasjonen og korleis vi skulle formidla dette til sokna på ein konstruktiv måte.

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

Samrådsmøte: Bispedømmerrådet, kyrkjevevjerjane og prostane i begge prostia møttes tre gonger kvar på våren for å drøfte prosessen, moglege samarbeidsløysingar og fordelinga av midlane.

Drøftingsmøte: Leiarane i sokneråda, daglege leiarar, undervisningsansvarlege, sokneprestar, kyrkjevevjerjane og prostane var på drøftingsmøta i dei respektive prostia. Bispedømmerrådet informerte kyrkjelydane om prosessen og kriteria for fordeling, og kvar av sokna gav innspel til fordelinga av trusopplæringsmidlar. Desse møta var viktige for å sikre at alle kyrkjelydane fekk lagt fram sine innspel. Dei fekk også høve til å høyra kvarandre sine synspunkt og dei fekk etter alt å dømme syn for heile prostiet med tanke på tildelinga.

Framdriftsplanar og budsjettering: Alle tildelingseiningar sende inn budsjett for arbeidet med trusopplæring i 2013.

Innføringskurs: Bispedømmerrådet arrangerte ti innføringskveldar for tilsette og frivillige i medarbeidarar i 2013: fem i Domprostiet og fem i Jæren prosti. Dette for å gje kyrkjelydane kunnskap og eigarskap til reforma. Det blei og arrangert eit tverrfagleg kurs på dagtid for alle stabane i begge prostia om korleis ein kan leie prosessane med å utvikle ein lokal plan for trusopplæring. Vidare arrangerte bispedømmerrådet kurs for kontaktpersonane i alle kyrkjelydane i dei to prostia. Temaet var rapportering og kommunikasjon.

Tildeling og rapportering: Stavanger bispedømmerråd sende ut tildelingsbrev og oppretta rapporteringsside for alle tildelingseiningar. Vidare gav ein innspel til IKO sitt arbeid med å rekruttera mentorar til sokna/trusopplæringseiningane.



Delmål: Innføring av ny plan for trusopplæring

Målet er nådd

I 2013 arrangerte bispedømmerådet ei rekkje kurs om plan for trusopplæring for alle sokna i Jæren prosti og Domprostiet. Dette omfatta mellom anna kurs som er nemnde under det fyrste delmålet og eit eige skrivekurs som kvart prosti får tilbod om i samanheng med planskrivinga. Bispedømmerådet har og delteke ved fleire samlingar for ulike tenestegrupper i prostia, med fokus på den nye trusopplæringsplanen.

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

Dei ulike kursa blir arrangerte for å sikre at arbeidet med innføring av ny plan går framover, og for å sikre kvaliteten i dei lokale planane som sokna skal utarbeide. Desse kursa blei gjennomførde på ein tilfredsstillande måte og med gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Vidare har det vore omfattande rettleiingsarbeid gjennom heile året.



Delmål: Oppfølging av sokna

Målet er nådd.

Bispedømmerådet har hatt oppfølging av alle sokn som er i gjennomførings- og mellomfasen av trusopplæringsreforma.

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

Dette har ein gjort gjennom blant anna årsrapportering, samtalar og ei medarbeidarsamling. I november inviterte bispedømmerådet til ei samling for alle dei tilsette medarbeidarane i trusopplæringa – ca. 80 tilsette deltok. I 2013 var det 10 år sidan trusopplæringsreforma blei vedteke i Stortinget.

Dette blei markert på samlinga. Eit av tema var Endringsleiing – i lys av trusopplæringsreforma. Vidare hadde ein fokus på den nye salmeboka, og bruk av salmar i trusopplæringa. Sidan ein dette året markerte 10-års jubileet for reforma, var målet med samlinga å presentera nokre overordna tema. Vanlegvis har ein meir praktiske tema, men denne gongen var det strategiske i fokus. Evalueringsrapporten frå medarbeidarane gav særst gode tilbakemeldingar på samlinga.

For dei sokna som skal levere sin lokale plan til godkjenning hos biskopen i 2014 arrangerte bispedømmerådet på våren og eit skrivekurs.



Delmål: Vidareutvikling av konfirmantarbeidet

Målet er nådd

Bispedømmerådet har dette året arbeidd med å halda fokuset på konfirmasjon oppe i sokna, og på meir strategiske og prinsipielle sider ved konfirmantarbeidet.

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

Bispedømmerådet har og i 2013 vore med på Kyrkjerådet si landsomfattande utsending av konfirmantbrosjyrar til alle landets 14-åringar. Dette er eit viktig arbeid for å rekruttera konfirmantar, og for å markera og halda oppe kyrkja sitt arbeid med konfirmasjon.

I 2013 har Stavanger bispedømmeråd og arbeidd med to meir prinsipielle saker i samband med konfirmasjonsarbeidet – utarbeiding av plan for konfirmasjonstida og eigenandel i konfirmasjonstida. Etter at rådgjevarane har lest ei rekkje lokale planar for trusopplæring gjennom dei siste åra, er det tydeleg at tiltaket konfirmasjon ikkje får den merksemda den skulle hatt i planen. Konfirmasjon utgjer nå eit anslått omfang på 60 timar trusopplæring, og då må kyrkjelyden ha ein strategi for korleis dette arbeidet skal gjennomførast, med mål, innhald og arbeidsmåtar. I 2013 måtte

kyrkjelydane for fyrste gang leggja ved ein plan for konfirmasjonstida, og ikkje berre fylla ut tiltaket i plan for trusopplæring. Dette var ei forbetring, men samstundes er det tydeleg at nivået på dei vedlagde konfirmasjonsplanane varierer i stor grad. Ein av kyrkjelydane som leverte plan for trusopplæring dette året (Hinna sokn), har utarbeidd ein så god konfirmantplan at den kan vurderast som mal for andre kyrkjelydar. Kyrkjerådet har nå bestemt at dei skal setje ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med denne malen, og også med ein styrking av konfirmantarbeidet generelt.

Bispedømmerådet har dette året og arbeidd med saka om eigennandel i konfirmasjonstida. Dette er eit tema som av og til kjem opp, og som er ei samansett og kompleks sak. Bispedømmerådet utarbeida et notat som blei behandla på rådgjevarsamlinga i desember. Samlinga var klargjerande med tanke på forståing og tolking av saka.



Delmål: Fag- og kompetanseutvikling

Målet er nådd.

Stavanger bispedømmeråd legg stor vekt på utvikling av kompetanse for å sikre kvaliteten i trusopplæringa. Gjennom ulike kurs og samlingar har ein arbeidd for å heve kompetansen til tilsette og frivillige medarbeidarar i 2013. Dette året valde bispedømmet å avlysa Forum for trusopplæring, då kursa og samlingane nedanfor til saman ville gje ein tilsvarande god kompetanse for ulike faggrupper.

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

IKO-kurs: Frå Babysong til skulestart: Hausten 2013 arrangerte Stavanger bispedømmeråd og IKO kurset «Frå babysong til skulestart» i St. Johannes kyrkje i Stavanger. Det var omlag 60 tilsette som deltok på kurset. IKO hadde det overordna ansvaret for innhaldet i kurset, medan bispedømmet

hadde ansvaret for den praktiske gjennomføringa. Tema for kurset var i hovudsak ulike fokus på breiddetiltak frå 0 til 6 år. IKO har pr dags dato ikkje sendt noko evaluering av dette kurset til bispedømmerrådet.

Kateketforeinga sitt etterutdanningskurs på Sola: I juni 2013 arrangerte Kateketforeininga sitt etterutdanningskurs på Himmel og hav på Solastranda. Om lag 80 personar frå heile landet deltok på kurset, som blir halden anna kvart år på ulike stadar rundt om i landet. Tema for kurset var «Den heilage Ande i trusopplæringa». Rådgjevar for undervisning var med i arbeidsgruppa for kurset, og deltok i gjennomføringa av kurset. Deltakarane gav positiv respons på innhaldet i kurset.

Presten si rolle i trusopplæringa har Stavanger bispedømmerråd og Stavanger biskop arbeidd med over lang tid. I 2013 blei dette eit av hovudtema på konventet for prestane. Avdelingsdirektør Paul Erik Wirgenes frå Kyrkjerådet hadde eit særst godt foredrag om presten si rolle i trusopplæringa. Dei fleste av bispedømmet sine statlege tilsette prestar var med på samlinga, og gav god respons på foredraget. Å få lagt ein god teologisk og kyrkjehistorisk plattform for presten si rolle i trusopplæringa, var eit viktig steg vidare i arbeidet med tverrfagleg samarbeid .

Prostivise samlingar: Bispedømmerrådet har i 2013 delteke ved prostivise samlingar med trusopplæring som tema i Karmøy og Ryfylke prosti. Tema for



samlingane har vore tilpassa lokale behov og strategiske omsyn i samanheng med ei eventuell innføring i reforma. Det har i hovudsak vore dei lønna medarbeidarane som har delteke på samlingane.

Fagdag ungdom Bispedømmerådet arrangerer kvart år ein fagdag om ungdom saman med Misjonshøgskulen. I 2013 var tema for fagdagen: «bruk av små fellesskap blant ungdom». Professor Torstein Jørgensen ved MHS hadde innleiingsvis eit foredrag om: Småfellesskap i urkyrkja, og kyrkjehistoriske linjer vidare. Stig Sunde, dagleg leiar i NMS-U innleia om «Om trendar blant unge og behovet for forpliktande fellesskap». Hilde Sande, ungdomsarbeidar, Randaberg sokn, innleia om «Erfaring med småfellesskap/heimegrupper for konfirantar». Det var satt av tid til gruppevise samtalar omkring tema. Det var gode tilbakemeldingar på innhaldet i dagen frå dei ca. 50 personane som deltok på fagdagen.

Det er gitt rettleiing til tilsette og frivillige medarbeidarar når det gjeld inkludering av menneske med utviklingshemming. Rettleiing er gitt både i mindre grupper og på større samlingar.

Delmål: Godkjenning av lokale planar

Målet er nådd.

Alle sokna i Ytre Stavanger prosti har levert inn sin lokale plan for trusopplæring i 2013, og fått denne godkjend av biskopen.

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

Bispedømmerådet har lagd stor vekt på innhald, systematikk og samanheng i vurderinga og godkjenninga av planane. Den store utfordringa i godkjenningsarbeidet og i rettleiing knyta til dette, er breiddeforståinga i trusopplæringa. Det er behov for mykje dialog med kyrkjelydane kring koplinga mellom dei avgrensa breiddetiltaka og dei kontinuerlege tiltaka. Vurdering av timetal i planen er og eit aktuelt tema. For å imøtekomme behova for klarleik i desse spørsmåla, har bispedømmerådet i tillegg til det endelege skriftlege svaret, gitt kyrkjelydane ei munnleg tilbakemelding på planen eit halvt år før den endelege innleveringa. I tillegg er det gjeve mykje rettleiing på e-post og via telefon. Vi trur at desse tiltaka har ført til ei kvalitetssikring av planane,





slik at dei alle blei godkjende av biskopen i 2013.

Hafrsfjord og Vardeneset kyrkjelydar søkte våren 2013 om å få utsette fristen for innlevering av lokal plan for trusopplæring. Fristen som var sett for heile Ytre Stavanger prosti var 15. juni. Begge kyrkjelydane fikk utsett fristen til 1.12.2013 og leverte sine planar til godkjenning innan fristen. Planane blei i løpet av desember lest og godkjend av

Stavanger biskop. Kyrkjelydane har i delar av prosessen hatt eit større behov for oppfølging enn det som er vanlig. Planane er no godkjende og kyrkjelydane er klare for det vidare arbeidet med trusopplæringsreforma.

Når det gjeld endringar i strategiar og tiltak, vil vi særleg trekke fram følgjande:

Innføring av nye prosti

I delmål 1 skreiv vi noko om ulike utfordringar vi har støtt på når det gjeld innføring av nye prosti dette året. Vi trur at vi vil kunne støyte på nokre av dei same utfordringane i 2014 og. Dette fordi reforma no er langt komen, og kyrkjelydane har langt meir kunnskap om reforma no enn dei fyrste sokna som kom inn i reforma hadde. Det blir viktig å lytte til kyrkjelydane og forstå kor dei er i prosessen. Ut frå dette må vi møte dei med konstruktiv kommunikasjon og tilpassa kurs og vegleiing. Samstundes blir det viktig å hjelpe dei til og sjå at grunnlagsarbeidet er særst viktig for å få til ein god plan og eit godt arbeid, og at det ikkje er sikkert at dei frivillige kan like mykje om reforma som dei tilsette trur.

Konfirmasjon

Når det gjeld konfirmasjon, så er dette eit område vi ynskjer å jobbe meir med når alle kyrkjelydane er komen inn i reforma. Som vi skreiv i delmål 6 så har vi i samarbeid med Kyrkjerådet allereie starta eit arbeid med plan for konfirmasjonstida. Vi har meldt frå til Kyrkjerådet at vi kan tenkje oss og vere med i arbeidsgruppa som skal jobbe vidare med dette på nasjonalt hold.

Vegen vidare etter reforma:

Når alle kyrkjelydane etter kvart er inne i reforma, vil det verte betre tid til og arbeida med innhaldet i trusopplæringa og utvikla kompetansehevande tiltak for tilsette og frivillige. I tillegg til konfirmasjon, ser vi for oss at vi vil arbeida vidare med korleis livstolking og livsmeistring betre kan innarbeidas

i trusopplæringa, og korleis dei sentrale dimensjonane i større grad kan koplas til dei ulike tiltaka kyrkjelydane har. Trusopplæring og gudsteneste er og eit område det er nødvendig å arbeide meir med. Vidare ser vi for oss at tverrfagleg arbeid og trusopplæring som kyrkjelydsutvikling vil vere aktuelle tema.

Tenestegruppenes bidrag i trusopplæringa: Det er eit stort behov for å arbeide vidare med kva for ei rolle dei ulike faggruppene i kyrkja skal ha i trusopplæringsarbeidet. I Stavanger bispedømme ser vi eit stort behov for å arbeide målretta med å involvere alle tenestegruppene i trusopplæringsarbeidet. Dette vil vi gjere både gjennom rettleiing, kurs og samlingar. Vi vil og utfordre Kyrkjerådet til å vere i dialog med dei ulike fagforeiningane for å stimulere til tverrfaglig samarbeid om trusopplæring lokalt.

Stor breidde og variasjon i faglige kvalifikasjonar hjå trusopplæringstilsette: Trusopplæringsmedarbeidarar er inga einsarta gruppe. Vi ser at kvalifikasjonane varierer både i utdanning og i utdanningsnivå. På mange vis er dette positivt, fordi det blir eit stort og rikt mangfald i arbeidet. På den andre sida ser vi store skilnadar frå kyrkjelydar med høg kompetanse og kyrkjelydar med låg kompetanse i trusopplæringsstillingane. Kvaliteten på planarbeidet og den strategiske tenkinga blir varierande. Det er og



Secret Service – gudsteneste med Stefanusalliansen - på Ungdomstinget

utfordrande å drive kursverksemd når det er så store skilnadar i korleis mottakaren forstår innhaldet og opplever det som relevant i arbeidet. Det er mogleg at vi må tenke meir differensiert i tida framover, men dette vil vi gjerne drøfte med rådgjeverane i dei andre bispedøma.

Samarbeid med barnehagar og skular

Vi skal arbeide for godt samarbeid mellom barnehagar, skoler og menighetene i bispedømmet.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Samarbeid med skular og barnehagar.	Godt samarbeid mellom barnehagar, skular og kyrkjelydane i bispedømmet.	1. Finne møtepunkt som fremmer kyrkja sitt samarbeid med barnehagar og skular i visitasområda. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Leggje til rette for gode og konstruktive møtepunkt med tilsette og leiinga ved Skular og barnehagar under visitasane.	<ul style="list-style-type: none"> - Talet på skulegudstenester. - Talet på barnehagegudstenester. - Talet på møtepunkt mellom Skular, barnehagar og kyrkjelyden.
		2. Arbeide for eit godt samarbeid omkring barnehage- og skulegudstenester. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Skape tryggleik og gode samarbeidsrelasjonar mellom kyrkjelydar og Skular/barnehagar om skule/ barnehagegudstenester og andre former for samarbeid.	
		3. Auke kompetansen og tryggleiken omkring kyrkjelyden sitt samarbeid med Skular og barnehagar.	

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Finne møtepunkter som kan fremja kyrkja sitt samarbeid med barnehagar og skular i visitasområda

Målet er nådd

Under visitasane i 2013 har Stavanger bispedømmeråd lagt stor vekt på å arrangere samlingar om kyrkja sitt samarbeid med barnehagar og skular i visitasområda.

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

Under visitasen i St. Petri sokn deltok biskopen og hans fylgje på skulegudsteneste for alle barna på Våland skule. Vidare møtte biskopen elevar og leiing frå Bergeland vidaregåande skule, i samband med eit tilrettelagt opplegg for elevane. På dei andre visitasane har biskopen og hans fylgje møtt leiing og tilsette i skuler og barnehagar i visitasområdet. Biskopen har vanlegvis eit innlegg om identitet og dialog, medan undervisningsrådgjevar har sagt noko meir om dei prinsipielle sidene ved kyrkja sitt samarbeid med skule og barnehage. Desse møtepunkta er særskilt viktige med tanke på det vidare samarbeidet mellom kyrkja og skulen/barnehagen.

Delmål: Arbeide for eit godt samarbeid kring barnehage- og skulegudstenester

Målet er nådd

Stavanger bispedømmeråd har i 2013 arbeidd med å lage gode retningslinjer og premisser for skulegudstenester

Tiltak som er gjennomført for å sikre at målet blir nådd:

I 2012 utarbeida Stavanger bispedømmeråd to strategiske dokument for kyrkja sitt samarbeid med skulen. Det eine dokumentet er eit prinsippdokument for samarbeidet, med klargjering av skulegudstenester og anna samarbeid. Det andre dokumentet er meint som ein hjelp til den praktiske gjennomføringa av skulegudstenester og andre sider ved samarbeidet. Begge desse dokumenta blei sendt ut til kyrkjelydane i bispedømmet våren 2013. Kyrkjerådet og dei andre bispedøma i landet fekk og tilsendt dokumenta. Dokumenta skal bidra til å styrke tilsette i kyrkjelydane sin kompetanse på kyrkje – skule samarbeid, og gjere tilsette ved skulane trygge på at kyrkja er ryddige i samarbeidet.

Det er ikkje utarbeida retningslinjer for barnehagegudstenester.

I 2013 blei Stavanger bispedømmeråd invitert til ei samling i regi av Eritreisk Islamsk foreining i Stavanger for å fortelle om skulegudstenester. Undervisningsrådgjevar ved bispedømmekontoret og kapellan Aslaug Austbø i Domkyrkja møtte om lag 40 muslimar for å snakke om dette temaet. Bispedømmerådet sine representantar blei tekne imot på ein særskilt god måte, og det var ein spennande dialog om kvifor skulegudstenesta er viktig for alle elevane.

Delmål: Auke kompetansen og tryggleiken omkring kyrkjelyden sitt samarbeid med skular og barnehagar.

Målet skulle ikkje vore med i Årsplanen 2013

Her hadde ein fyrst satt opp eit mål om å avhalda ein kursdag om kyrkjeskule samarbeid for tilsette hausten 2013. Avtalen var at dette skulle gjennomførast dersom ein fekk inn eitt prosti i trusopplæringsreforma, men ikkje dersom ein fekk inn to prosti. Bispedømmet fekk inn to prosti i 2013. Delmålet skulle dermed vore ute av Årsplanen for 2013.

Endringar i strategiar og tiltak

I arbeidet med retningslinjer har det vore eit ekstra fokus på kyrkja sitt samarbeid med skular, og då særleg i samband med skulegudstenester (jf. dei to dokumenta som er utarbeida). Dette heng saman med at det er mest trykk ute i samfunnet rundt kyrkja sitt samarbeid med skulen, og dermed blei dette prioritert fyrst. I tida framover blir det viktig å også utarbeida retningslinjer for kyrkja sitt samarbeid med barnehagane, og med det også barnehagegudstenestene.

I 2014 eller 2015 bør det og leggast til rette for ein fagdag om kyrkja sitt samarbeid med skule/barnehage. Det er mange spørsmål frå tilsette rundt



dette, og ein fagdag vil kunne imøtekome noko av det som kjennes uklårt. Fram til då håpar vi at dokumenta som er utarbeida, møtepunkta under visitasane og rettleiing via e-post og telefon vil vere til hjelp for kyrkjelydane i samarbeidet med skulane og barnehagane.

Anna kyrkjelydsbyggjande arbeid overfor unge og unge vaksne

Vi skal arbeide for at unge i kyrkja skal erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Anna kyrkjelydsbyggjande arbeid overfor unge og unge vaksne.	Vi skal arbeide for at unge i kyrkja skal erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap, og ord og sakrament.	1. Vidareutvikling av kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid ved og greia ut ulike konsept for leiartrening. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - At konseptane er gode og brukbare verktøy for mange ulike typar ungdomsarbeid.	Tal på tiltak og deltakartal.
		2. Fagleg utvikling av ungdomsarbeidarar. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Ein relevant og lærerik fagdag.	
		3. Bidra til fornying og vidareutvikling av fokuset «Ung i kyrkja».	Sak til Kyrkjemøtet 2013.

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Vegleiing om leiartrening, og dialog med «Follow Me»-nettverket.

Målet er delvis nådd.

Dialogen med «Follow Me»-nettverket har vært god gjennom året. Men den har ikkje omfatta samtalar med enkeltkyrkjelyder om korleis dei opplever det å vera med. Dialogen har vært med leiinga for nettverket. Våren 2013 blei «Follow Me» omdanna til ein organisasjon. Dette gjev nye innspel til den vidare vurderinga av kva status dette leiartreningsopplegget skal ha i bispedømmet, i høve til andre organisasjonar sine opplegg.

Ungdomsrådgevar gjekk i 2013 igjennom innhaldet i 8 leiartreningsopplegg frå ulike organisasjonar, for å vurdere kva som kan anbefalast til kyrkjelydane. Nå er det tid for å ta slik vegleiing ut i kyrkjelydane.

Delmål: Fagleg utvikling av ungdomsarbeidarar

Målet er nådd.

Fagdag Ungdom blei gjennomført i samarbeid med Misjonshøgskulen i september med 38 deltakarar. Fagdagen er omtala under rapportering på trusopplæring.

Delmål: Delta i Kyrkjerådet si arbeidsgruppe om unge vaksne.

Det har ikkje vore møte i arbeidsgruppa for unge vaksne i regi av Kyrkjerådet i 2013.



Ungdomsdemokrati

Eit ungdomsdemokrati som gjev ungdom opplæring og er rådgjevande for biskop og bispedømmeråd.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Ungdomsting og ungdomsråd.	Eit ungdomsdemokrati som gjev ungdom opplæring og er rådgjevande for biskop og bispedømmeråd.	1. Eit reelt ungdomsdemokrati. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - God rekruttering av delegatar til Ungdomstinget.	Deltakarar på Ungdomstinget.
		2. Aktiv bruk av ungdomsrådet som rådgjevande organ for biskop og bispedømmeråd. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Ungdomsrådet er godt orientert om bispedømmerådet sine saker og biskopen sine fokusområde.	Møtepunkt mellom biskop, bispedømmeråd og ungdomsting / ungdomsråd.
		3. Ungdom som er aktive deltakarar i reformprosessane i bispedømmet. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Ungdom blir motivert for å sitje i trusopplæringsutval og gudstenesteutval.	
		4. Engasjement for samarbeidet med Carlisle bispedømme. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - At kyrkjelyden sitt engasjement blir integrert og vidareutvikla innan ramma av samarbeidet mellom bispedømme .	

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Ungdomsdemokrati gjennom ungdomsting

Målet er nådd.

Ungdomstinget blei gjennomført etter planen med 43 deltakarar. Av dei var 32 delegatar. 21 sokn var representert på Ungdomstinget. Mengda av deltagarar (summen av delegatar, observatørar og leiarar) er omtrent som året før, men mengda av delegatar har gått merkbart ned frå 2012, då det var 44 delegatar frå 25 sokn. Det er mogleg at noko av grunnen til dette er at Follow Me-nettverket (8 kyrkjelyder med aktivt ungdomsarbeid) hadde weekend same helga, og dessutan at Ungdomstinget dette året var i

nordfylket (Aksdal), mens det året før var midt i fylket (Sola). Fellesskapet, trivselen, og kvaliteten på arrangementet gjev grunn til optimisme med tanke på å få ei auke i representerte sokn i åra framover.

Delmål: Oppfølging av ungdomsrådet

Målet er nådd.



Ungdomsrådet har hatt nær kontakt med administrasjonen, og har uttala seg om relevante saker før bispedømmerådsmøta. Ungdomsrådet har, slik planen var, hatt møter med bispedømmeråd og biskop i løpet av året.

Delmål: Ungdom i trusopplæringsutval og gudstenesteutval.

Målet er ikkje nådd.

Det var planlagt at oppmodinga til kyrkjelydane om å velja ungdom i trusopplærings- og gudstenesteutval skulle få fokus i fagsamlingar, innføringskurs for trusopplæring og bispevisitas. Det har diverre vore lite fokus på dette i 2013.

Delmål: Engasjement for samarbeidet med Carlisle bispedømme

Målet er nådd.

Dei fleste medlemmane i ungdomsrådet var med på eit seminar om kyrkjelydsutvikling ved mellom anna biskop James Newcome frå venskapsbispedømmet Carlisle under besøket hans i Stavanger i mars. Ungdomsrådet har også vore involvert i prosessane rundt formaliseringa av venskapsrelasjonen til Carlisle. Dessutan har ungdomsrådet og plangruppa for ungdomstinget vore sentrale i planlegginga av besøket av ungdomar og norske misjonærer frå Carlisle bispedømme til Ungdomstinget 2014.

Når ungdomsrådet skal arbeide for å rekruttere ungdomstinget sine delegatar til å stille til val for nytt ungdomsråd, vil det bli understreka at 2 år i ungdomsrådet vil innebera tilbod om å vera med i ein delegasjon til Carlisle bispedømme. Det blir lagt opp til at ein delegasjon av ungdommar frå Stavanger skal reise dit annakvart år. Dette vil forhåpentlegvis auka talet på delegatar som stiller til val til ungdomsrådet, og fremja positiv omtale av ungdoms-demokratiet.



Representantar frå Carlisle Diocese saman med Stavanger bispedømmeråd

c. Diakoni

Kyrkjelydane si diakonale omsorg skal styrkast, slik at omsorga kjem til uttrykk gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013			
Kyrkjelydane si diakonale omsorg skal styrkast, slik at omsorga kjem til uttrykk gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.	Auke talet på diakonar / diakoniarbeidarar.	1. Ei ny diakonistilling. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Samarbeid med kommunar og frivillige organisasjonar.	Tal på sokn som har diakonal betjening.			
	Auke talet på kyrkjelydar som har vedtatt diakoniplan.	2. Fem nye kyrkjelydar lagar lokal plan for diakoni med utgangspunkt i Plan for diakoni. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Kunnskap om utarbeiding av lokale planar i alle kyrkjelydar.	Tal på sokn som har vedtatt lokal plan.			
	Diakoni i praksis.	3. Medarbeidarar med god diakonal kompetanse. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Høg fagleg diakonal kompetanse hos kyrkjelege tilsette.	4. Medarbeidarar som søker Kristus i stille, bøn og tilbeding. 5. God samhandling mellom helsevesen og kyrkje for å sikre retten til åndeleg liv for alle. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Godt samarbeid mellom kommunehelsetenesta og diakonar/prestar.	Tal på deltakarar på ulike tiltak.		
					6. Fem nye kyrkjelydar oppfyller krava for å bli sertifiserte som grønne kyrkjelydar eller miljøfyrtårn.	Tal på kyrkjelydar som er sertifisert.
					7. Gode planar for krisehandtering med tanke på større katastrofar.	Tal på kyrkjelydar som har plan for handtering av kriser og større katastrofar.
		8. Gode rutinar for å førebygge og handtering av seksuelle krenkingar i kyrkja	Tal på kyrkjelydar som har rutinar for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar.			

Vårt mål for 2013:

Vi skal arbeida for at Den norske kyrkja held fram som ei tenande folkekyrkje, ved å styrkje diakonien i kyrkjelydane i samsvar med Plan for diakoni i Den norske kyrkja.

Delmål: Fem kyrkjelydar lagar lokal plan for diakoni med utgangspunkt i Plan for diakoni

Målet er delvis nådd.

Tabellen viser ein auke på 3 kyrkjelydar som har vedtatt lokal plan for diakoni frå 2012 til 2013. 74 sokn har nå ein lokal plan for diakoni.

	2009	2010	2011	2012	2013
Kyrkjelydar (91) med lokal plan for diakoni	25	45	67	70	73

Vi har arbeidd for at fleire kyrkjelydar skal vedta lokale planar gjennom å arrangera prostivise samlingar for diakoniutval med fokus på utforming av lokale planar. Vi har i 2013 gjennomført slike samlingar i tre av prostia.

I alle dei 18 kyrkjelydane som ikkje har diakoniplan, er det ikkje tilsett diakon eller oppretta eit diakoniutval. Dette visar seg er ein føresetnad for at det blir arbeidd strategisk med diakonale utfordringar i kyrkjelyden.

Delmål : Medarbeidarar med god diakonal kompetanse

Målet er nådd

Administrasjonen arbeidar med oppfølging av tilsette diakonar og diakoniarbeidarar, oppfølging av kyrkjelydar og kontakt med samarbeidspartnarar. Vidare følgjer vi opp prosjekt og faste utval, for eksempel arbeidsgruppene for miljø, forbruk og rettferd.

I vårt bispedømme har vi i dag 44 diakonar /diakoniarbeidarar. 13 av desse stillingane får kronetilskot frå BDR med inntil 50 % av lønsutgiftene. Den siste stillinga med slik støtte kom i 2002. Det blir arbeidd kreativt i mange kyrkjelydar for å få oppretta nye diakon/diakoniarbeidarstillingar med egne middel og i samarbeid med kommunar og Diakonistiftelsen Rogaland. Går vi nokre år tilbake, var det i 2003 heile 32 slike stillingar.

I 2013 hadde vi som mål å få opprette ein ny diakonstilling. Målet er nådd ved at Hå fellesråd tilsette ny diakon som starta opp i august. Målet er at alle

sokn i bispedømmet har tilgang på diakonal kompetanse. I dag har 66 av sokna tilgang på denne kompetansen.

Delmål : God samhandling mellom helsevesen og kyrkje for å sikre retten til åndeleg liv for alle

Målet er nådd

I Plan for diakoni blir det oppmoda til auka samarbeid i kyrkja og mellom kyrkjесamfunn, og styrking av samarbeidet med organisasjonar, helseinstitusjonar og offentlige instansar.

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut eit rundskriv som skal sikre at dei som er avhengige av praktisk og personlig bistand frå den kommunale helse- og omsorgstenesta, får ivaretatt sine muligheiter til eigen tros og livssynsutøving.



For å sikre at alle får slike rettar til eit åndeleg liv, ser vi det som svært naudsynt at diakonar og prestar samhandlar med den offentlige helsetenestene og andre institusjonar og organisasjonar. Haugesund kommune, Tysvær kommune, Kompetansesenter for

lindrande behandling, Helseregion Vest og Stavanger bispedømmeråd sendte i februar 2011 eine søknad til departementet om midlar frå Samhandlingsreforma til å gjennomføre eit prosjekt om:

Åndeleg/eksistensiell omsorg for alvorlig sjuke og døande i kommunehelsetenesta. Eit samhandlingstiltak for betre omsorg for alvorleg sjuke og døande pasientar og deira pårørande i kommunehelsetenesta.

Søknaden fekk raus støtte, og i løpet av hausten 2012 er det tilsett prosjektleiar i 60 % og to prosjektmedarbeidarar i 20 % stillingar og etablert ei styringsgruppe for prosjektet.

I 2013 er det etablert eit samhandlingsforum for kyrkje og helse som skal stimulere til - og støtte opp under lokale samhandlingstiltak mellom kyrkja

og helsetenesta, dele erfaringar og drøfte felles utfordningar. Det er også utarbeid vegleiar for palliasjonskontaktar i kyrkjelydane,

Også blant menneske med ulike utviklingshemmingar blir palliativ omsorg eit større og større behov. Fleire i denne målgruppa når ein høgare levealder enn før, og omsorga inn mot livets slutt for desse har mykje å bety. Rådgeving og hjelp til dette er blitt gitt tilsette ved bu-fellesskap og andre teneste-ytarar.

Delmål : Fem nye kyrkjelydar oppfyller krava for å bli sertifiserte som grøne kyrkjelydar eller miljøfyrtårn.

Målet er ikkje nådd

I diakoniplanen for Dnk er “Vern om skaparverket” og “Kampen for rettferd” viktige området som utfordrar kyrkjelydane til å sette klima og rettferdig fordeling på dagsorden. For å møte desse utfordringane satsar Stavanger bispedømeråd på å Miljøfyrtårnsertifisere fellesråd og utfordre kyrkjelydar til å arbeide for å bli “Grøne kyrkjelydar.»

Organisasjonen «Grønn hverdag» som var ein viktig samarbeidspartnar for oppretting av Grøne kyrkjelydar og Miljøfyrtårn blei lagt ned i løpet av 2013, og dermed misser vi noko av motoren i eit sterkt engasjement for «miljøvern til kvardags» i vår region.

Det har gått ut eit brev til alle kyrkjelydar som fortel korleis ein går fram for å bli «Grøne kyrkjelydar». På visitasane utfordrar Biskopen de kyrkjelydane som ikkje er «Grøne» om og sette i gang en prosess for å bli det.



I løpet av dette året har vi fått 4 nye «grøne kyrkjelydar». Det er Gausel, Sørnes, Hana og Kopervik.

I august blei det arrangert gratis folkefrukost i Stavanger. Det er Grønn Hverdag i samarbeid med Oikos, Stavanger Bispedømme og Ullandhaug økologiske gard som arrangerer frukosten. Hensikta er at folk skal få smake

det som finnes på marknaden av miljøvennlig og «rettferdig» mat, samstundes som dei skal få god informasjon om maten og kor ein får tak i den.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Grøne kyrkjelydar (91)	2	4	9	9	9	13
Miljøfyrtårnsertifiserte kyrkjelydar (91)	12	13	16	16	16	16
Miljøfyrtårnsertifiserte fellesråd (26)	3	3	4	4	4	4

Delmål : Gode planar for krisehandtering med tanke på større katastrofar

Målet er nådd

I 2012 har Stavanger bispedømmeråd vedtatt ein ny plan for handsaming av katastrofar og ulykker. I denne planen står det kva kyrkja skal gjera når det skjer ulykker som gjer det naudsynt for politiet å mobilisera lokale redningssentralar og andre ressursar ut over dei politiet sjølv rår over. Planen fortel kva LRS-prestar og innsatspersonell i LRS-systemet skal gjera. Det blir kurs om den nye planen i april 2014.

I vårt bispedøme har 12 kommunar kyrkjeleg betening i dei psykososiale kriseteama.

Delmål : Gode rutinar for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar i kyrkja

Målet er nådd

Arbeidet med å utarbeide retningslinjer i bispedømmet med sikte på førebygging og handtering av seksuelle krenkelsar der tillitsvalte eller løna er involverte, har stort fokus i bispedøme. Fleire fellesråd og sokneråd har laga lokale retningslinjer for førebygging og handtering av seksuelle krenkelsar basert på Veiledningshefte frå KA/KKD og bispedømmets retningslinjer. Bispedømmerådet har i år revidert eigne «Retningslinjer for førebygging og handtering av seksuelle krenkelsar». Det blir planlagt kursdagar i desse retningslinjene for kyrkjeleg personell i april 2014.

d. Kultur

Kyrkja som kulturformidlar

Vi ønskjer å bidra til at kyrkjelydane formidlar trua gjennom ulike kulturelle uttrykk.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Kyrkja skal vidareutvikle og styrke si rolle som kulturformidlar, ved å satse på breidde, kvalitet og samspel mellom amatørar og profesjonelle aktørar.	Auke statleg og kommunal finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyd og bispedømmeråd.	1. Auka tilskot frå offentlege kulturmidlar og andre finansieringskjelder til kyrkjelydar i bispedømmet. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - At det blir gitt auka økonomisk støtte gjennom søknader.	Talet på kulturprosjekt med offentlig tilskot.
	Auke samarbeidet mellom kyrkje og kultursektoren.	2. Gjennomføring av Pasjon 2013. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Få tilsegn på den økonomiske støtta som skal til for å realisere prosjektet, få tilsett dyktig prosjektleiar og knytte til seg dei nødvendige delprosjektleiarane.	Tal på nye samarbeidstiltak siste år.
	Auke kyrkjeleg Kulturkompetanse.	3. Bevisst bruk av ulike kulturuttrykk i kyrkjelydane. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Vere open for å bruke ulike kulturelle uttrykk i kyrkjelydane og ha medvit om bruken av dette inn i kyrkjelyden sitt arbeid. 4. Å styrke korverksemda i kyrkjelydane med spesielt fokus på barnekor. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Tilby eit relevant og interessant opplegg for styrking av barnekor.	Tal på tiltak og/eller deltakarar på kompetansehevande tiltak i bispedømmet.
	Koordinering av aktivitetar i kyrkja.	5. Legge til rette for kontakt og koordinering mellom kyrkjelege kulturaktørar. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - At kyrkjelege kulturaktørar ønskjer å møtast.	Oppslutning om tiltak.



Foto frå Pasjon 2013 – Minna Suojoki

Bispedømmerådet sin strategiplan for 2011 – 2014 har følgjande formuleringar på feltet:

Vi ønskjer kyrkjelydar som formidlar trua gjennom ulike kulturelle uttrykk.

Vi fokuserer på

- song og musikk*
- breidde og mangfald i bruk av kultur i kyrkja*
- pilegrimsmotivet*

Vi ønskjer å bidra til at kyrkjelydane formidlar trua gjennom ulike kulturelle uttrykk.

Måloppnåing og vurderingar

Resultatmål: Auke statleg og kommunal finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyd og bispedømmeråd.

Målet er delvis nådd.

Har talet på kulturprosjekt med offentleg støtte auka? Er det innvilga større beløp til kulturarrangement i kyrkja i 2013 enn i 2012 frå offentleg sektor og andre kjelder?

For å finne svar på desse spørsmåla er det sendt ut rapporteringsskjema til alle kyrkjelydane i bispedømmet. Dette er andre året vi sender tilleggsrapport til kyrkjelydane. I tillegg til at det er lav svarprosent, ser vi at det er stor variasjon på korleis ein fyller ut skjema og i kva grad ein sit på tal vi spør etter.

35 av 92 kyrkjelydar i bispedømmet har svart. Av desse har 21 rapportert inn tal på søkt og eventuell innvilga støtte. Vi har dessutan lagt inn tal frå 5 andre kyrkjelyder som vi sit på tal på frå anna hald. Desse 26 kyrkjelydane har til saman motteke offentleg støtte på kr 894 300,-. Totalt har kyrkjelydane rapportert inn økonomisk støtte til kulturarrangement på kr 2 192 800,- Dei tilsvarande tala frå 2012 er 897 750,- og 1 883 890,-. I den grad ein kan knytte lit til tala, syner dei ein minimal nedgang på offentleg støtte (3450,-) samstundes som det er ein oppgang på den totale støtta på kr 308 910,-. Det syner oss samstundes at mykje av støtta til kulturaktivitetar kjem frå sponsorar og legat, og at det er denne støtta som har auka.

Når ein legg til tal på offentleg støtte til arrangement i regi av bispedømmeråd eller der bispedømmet er ein av arrangørane, er den totale summen på offentleg støtte på kr 2 361 192 og summen på støtte totalt 3 659 692. For 2012 var dei tilsvarande tala 1 994 250,- og 3 473 890,-. Det er ein auke på

offentleg støtte på kr 336 945,-. Med andre ord ser vi klar auke i statleg og kommunal finansiering av kultur i kyrkja.

Det er stor skilnad mellom den enkelte kyrkjelyd med tanke på om ein søker økonomisk støtte til kulturarrangement. Grovt sett kan ein seie at enkelte kyrkjer har lange tradisjonar med store og mange kulturarrangement, mange har ein god del arrangement, men utan stor økonomi, mens nokre har lite tilbod. Ein ser og at kyrkjejubileum slår ut både med auka aktivitet og auka økonomisk støtte frå det offentlege. Ein del større arrangement blir heller ikkje gjennomført kvart år, og dette vil også gje utslag på tala.

Tiltak for å oppnå resultatet var å arrangere to kurs i søknadsskriving. Dei blei ikkje gjennomførte. Søknadsskrivekurs har vore foreslått som tema på fagsamlingane for kyrkjemusikarane, men dei har ikkje prioritert slike.

Resultatmål: **Auke samarbeidet mellom kyrkje og kultursektor.**

Målet er nådd.

Talet på nye samarbeidstiltak som er rapportert inn i 2013 er 33. Her er rapporteringa noko mangelfull. Det kjem ikkje tydeleg fram i spørsmålet om dette er nye samarbeidstiltak som og har motteke offentleg støtte. Frå 2012 har vi ikkje tal på nye samarbeidstiltak, berre på samarbeidstiltak.

I 2013 blei Pasjon 2013 gjennomført. Dette er eit stort prosjekt med mange aktørar og tre delprosjekt. Dei største aktørane i prosjektet var Stavanger domkyrkje med tilsette og kor, Stavanger bispedømmeråd ved kulturrådgjevar, Rogaland teater, Universitetet i Stavanger og Johannes læringscenter.

Resultatmål: **Auke kyrkjeleg kulturkompetanse**

Målet er nådd.

Som eit delmål er det sagt at ein vil bidra til ein medviten bruk av kulturuttrykk i kyrkjelydane. Dette ser vi som ein viktig del av den kyrkjelege kulturkompetansen. Det er i 2013 gjennomført kompetansehevande kurs, besøk i soknerådsutval og ein har deltatt på fagsamlingar for tilsette og frivillige i trusopplæringa som tiltak for å nå dette målet.

I løpet av 2013 har kulturrådgjevar vore med på 8 soknerådsmøter i Stavanger Domprosti og eit møte med tilsette i kyrkjelydane i Jæren prosti.

Stavanger bispedømme har i 2013 arrangert eller vore medarrangør på 15 kompetansehevande kurs innan kulturfeltet. Det har til saman vore 517

deltakarar. Det har vore ulike type kompetansegejevande kurs gjennom året. To har vore fagsamlingar for kyrkjemusikarane, med emne som salmesong og ny salmebok, val av salmar i trusopplæringa, den liturgiske musikken i gudstenestereforma, pilegrimsmotivet og kyrkja som kulturarena.

Eit anna delmål er å styrkje korverksemda i kyrkjelydane med spesielt fokus på barnekor. Det har vore gjennomført to kurs med vekt på korverksemd. Det eine var for barnekorleiarar med barnestemmen og direksjon som tema. Det andre var korkurs for ungdom.



Resultatmål: Koordinering av aktivitetar i kyrkja.

Målet er delvis nådd.

Det er behov for å koordinera kulturarrangement i dei ulike kyrkjelydane. God flyt av informasjon om aktivitetar som blir planlagt og skal gjennomførast er viktig, både for at ein skal vite om det som skjer og ha muligheit for å delta, for å unngå kollisjonar og for å kunne dra nytte av kvarandre sine arrangement.

Det har vært gjennomført ulike tiltak for å styrkje koordineringa av kulturarrangement i kyrkjelydane. Gjennom heile året er det sendt ut informasjonsepost til alle kyrkjemusikarane i bispedømme. Ein av funksjonane til desse e-postane er å dele informasjon mellom dei ulike

kyrkjelydane om kulturarrangement. Eit anna tiltak har vore fagsamlingane for kyrkjemusikarane. Desse er ein viktig arena for å koordinera aktivitetane i kyrkjelydane. Det blir også invitert til enkelte regionale fagsamlingar for kyrkjemusikarar. Det er reglemessige samlingar for dei to nordlegaste prostia og for dei to prostia i Stavanger by.

I møte med sokneråd har det også vist seg at det er behov for ein større grad av koordinering av arrangement i planleggingsfasen, både for å kunne unngå kollisjonar av større arrangement og for å kunne flytte enkelte større arrangement til fleire kyrkjelydar. Utfordringa er å finne dei rette fora og verktøy for dette.

Stavanger, Breiavatnet, musikkpaviljongen og Domkyrkja



Pilegrim

Bispedømmet sitt mål: Vi ønskjer kyrkjelydar som formidlar trua gjennom pilegrimsmotivet.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Pilegrims- og retreatarbeid.	Fleire kyrkjelydar som tar pilegrimsmotivet i bruk og større deltaking av enkeltpersonar på retreat.	1. Gjere 2013 til eit pilegrimsår i bispedømmet og løfte fram pilegrimsmotivet som livstolking i eit heilskapleg perspektiv.	Tal på kyrkjelydar som har tatt pilegrimsmotivet i bruk gjennom pilegrimsarrangement.
		2. Framleis styrke pilegrimsarbeidet lokalt og inspirere fleire kyrkjelydar til å ta i bruk pilegrimsmotivet i trusopplæring, diakoni og kyrkjelydsutvikling.	
		3. Vidareutvikle pilegrimsleiene Stavanger-Røldal og Egersund-Stavanger.	
		4. Etablere og gjere ferdig forprosjektet Kystpilegrimsleia Stavanger-Trondheim i samarbeid med fylkeskommunar og bispedømme langs vestlandskysten.	
		5. Framleis utvikle retreatarbeidet i regi av Utstein pilegrimsgard og nå ei større breidde når det gjeld deltaking.	Tal på deltakarar på retreat i regi av Utstein Pilegrimsgard.

Resultatmål: Fleire kyrkjelydar som tar pilegrimsmotivet i bruk og større deltaking av enkeltpersonar på retreat.

Målet for pilegrims- og retreatarbeid i 2013 er langt på vei oppnådd. Dei ulike tiltaka blei gjennomført etter planen og evalueringa er positiv. Dei ulike delmåla går inn i kvarandre og utviklinga av det eine påverkar det andre. Til dømes blir dei ulike kyrkjelydane inviterte til å delta på programmet for «langvandrarane» når dei kjem til lokalmiljøet, og får på den måten ein smak av pilegrimsvandring som kan inspirere til vidare utvikling.

Av dei 9 prostia i bispedømmet har 7 prosti no oppretta pilegrimsutval som er ein ressurs i dette arbeidet inn i prostia.

Pilegrimsarbeidet veks i Stavanger bispedømme og det er naturleg å fortsette arbeidet i tråd med det som er sett i gang.

Innrapporterte arrangement

Type arrangement	Antal	Deltakarar	Merknad
Retreat på Utstein pilegrimsgard	20	139	23 prester og 8 andre kyrkjelege medarbeidarar
Lokale pilegrimvandringar	30		De fleste arrangement for alle aldrar eller vaksne. Ein vandring spesielt for skuleelevar.
Pilegrimsgudstenester	10		
Pilegrimsmøte og liknande.	7		

Andre arrangement

Arrangement	Tema	Målgruppe	Deltakarar
Pilegrimsforum	Den moderne pilegrimslengsel. Kyrkjebygget som pilegrimsmål.	Aktive pilegrimsutval og miljø i bispedømet.	19
Nasjonal Pilegrimskonferanse	Den norske kyrkje som Pilegrimskyrkje	Tilsette og frivillige medarbeidarar frå heile landet	62
Pilegrimsvandring Stavanger – Røldal	I pilegrimars fotefar.	Open vandring for alle interesserte.	9 + lokale dagsvandrarar
Pilegrimsvandring Egersund – Stavanger	Pilegrimsvandring langs Jærkysten	Open vandring frå alle interesserte.	15

Pilegrimskart for Rogaland blei ferdigstilt og sendt ut til kyrkjelydane for vidare distribusjon til alle husstandar i bispedømet. Pilegrimskartet har ei kartsida der gamle og nye pilegrimsleier og alle kyrkjene i bispedømet er teikna inn. På baksida av kartet er ei tekstsida med pilegrimshistorie frå middelalder og aktuell informasjon for pilegrimar i vår tid.

Publikum blir invitert til å bli kyrkjesamlarar, dvs. å besøke kyrkjene og notere dato for besøket. Etter å ha besøkt 25, 50 og 100 kyrkjer kan ein senda inn ei liste og få ein pins eller diplom. Med dette vil vi løfte fram den lokale kyrkja som ein heilagstad i nærmiljøet og peika på at ei vandring til kyrkja kan være ei pilegrimsvandring.

Forprosjektet Kystpilegrimsleia Stavanger – Trondheim blei gjennomført etter planen og avslutta med prosjektrapport i juni 2013. Samarbeidspartane i prosjektet er samde om å vidareføre Kystpilegrimsprosjektet i eit hovudprosjekt i perioden 2014-16.

Den planlagde pilegrimsseilas frå Stavanger til Trondheim som skoleskipet Gann hadde invitert til samarbeid om, blei avlyst på grunn av for få deltakarar.

I 2014 vil Stavanger bispedømme har ein sentral funksjon i arbeidet med opninga av kystpilegrimsleia til Nidaros.



Staben på bispedømmekontoret på pilegrimstur langs Jærstrendene

e. Misjon og økumenikk

Målet for 2013: I nært samarbeid med SMM-organisasjonane sentralt og regionalt å oppmuntre og utfordre kyrkjelydane til å vere misjonale, slik at evangeliet og impulsar frå den verdsvide kyrkja kan frigjere menneske og utrusta dei til å dele trua gjennom nærvere, handling og ord, lokalt og globalt.

Satsings-område	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator	
SMMS-samarbeidet skal vidareutviklast, slik at kyrkjelydane får hjelp til å styrkje misjonsengasjementet i forkynning, gudsteneste og i lokale planar for trusopplæring, diakoni og kultur.	Forbetre misjonsavtalane sin funksjon som integrert ressurs for heile kyrkjelyden sitt fokus og verksemd.	1. Kompetanseutvikling kyrkjelyd og misjon. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Relevante impulsar ut frå behova i kyrkjelyden.	Tal på kyrkjelydar som har blitt direkte utfordra på å nytte ressursar knyta til misjonsavtalane.	
		2. Møte med nyåndelegheita. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Enkeltpersonar som vil ta initiativ.		
		3. Fleire og betre misjonsavtalar. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - At 3 kyrkjelydar ynskjer å vere pilotar.		
		4. Fokus på forfylgde kristne. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> God kommunikasjon frå Stefanusalliansen.		
		5. Tidsavgrensa fokusområde. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Gode kommunikasjonsverktøy.		
		6. Kartleggje kyrkjelyden sin praksis omkring gjevarteneste / offer til global misjon. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - At kyrkjelydane svarer på førespurnad.		
		7. Kompetanse i organisasjonane på samarbeid med kyrkjelydane. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - God kommunikasjon om situasjonen i kyrkjelydane.		Tal på ressursmaterieil knyta til misjonsavtalane som har vore nytta.
		8. Auka tverrfagleg arbeid for heilskapleg misjonsfokus. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - At gode arenaer for tverrfagleg arbeid blir identifisert.		
		9. Lokal økumenikk. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Jamlege lokale økumeniske samlingar som blir prioriterte av kyrkjelyden sine representantar.		
		10. Evaluere samarbeidet med Cape Orange bispedømme. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Ein god dialog med Cape Orange undervegs i evalueringa.		
		11. Oppfylging og vidareutvikling av samarbeidet med Carlisle bispedømme. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Ein god dialog med Carlisle bispedømme.		

Stavanger bispedømme har, som det einaste bispedømmet i landet, ein eller fleire misjonsavtalar i alle kyrkjelydar, dei aller fleste innan ramma av Samarbeid Menighet og Misjon (SMM). Dessutan er det i bispedømmet ei positiv haldning til misjon mellom kjernetroppane i kyrkjelydane. Rogaland står for ein særst høg prosent av dei samla inntektene til misjonsorganisasjonane. SMM-arbeidet verkar med til også dette i Stavanger bispedømme.

Likevel er det meir å henta ut. I fleire kyrkjelyder har misjonsavtalene for lite fokus, og ein lukkast berre i nokon grad med å integrera misjonsengasjementet i bredda av kyrkjelyden si verksemd. I trusopplæringa er misjon ein av dei sentrale dimensjonane som kyrkjelydane i for liten grad klarer å implementera i tiltaka.



Günther Theiss er misjons- og ungdomsrådgjevar

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: Kompetanseutvikling kyrkjelyd og misjon (delmål 1, 3 og 7)

Måla er delvis nådde.

10 stabsmøter, 2 trusopplæringsteam og 5 prostilag fekk besøk i 2013. Møta viser at det er både ønske om- og behov for meir kompetanse. Det blei sett fokus på blant anna saka som var framme i Kyrkjemøtet 2012 om misjon og misjonsavtalen. Kartlegging av rutinar for evaluering av misjonsavtalar blei

gjennomført. Organisasjonane strever med å få til gode evalueringar med kyrkjelydane. Anbefalinga er å endra SMM sine retningslinjer for evaluering. Prøveprosjekt for 3 kyrkjelydar for å auka fokus på avtalen er sett i gang men ikkje fullført. Kyrkjelydane treng langt meir tid for å gjennomføra det. Møter med stabar og krets- /regionsstyre i organisasjonane er gjennomført. Dei fungerer som ei god bevisstgjerung på dei utfordringane som misjonsavtalar gjev. Fagdagar for organisasjonane er planlagt, og blir gjennomført tidleg i 2014.

Delmål: Møte med dei nyåndelege miljøa

Målet er nådd.

Førebuing, deltaking på stand og oppfølging blei gjennomført for alternativmessa i Stavanger. Dette resulterte i eit tydeleg og godt kyrkjeleg nærvær. Utfordring er gitt til kyrkjelydane i Sandnes og Haugesund om å satsa på alternativmessene der.

Delmål: Fokus på forfølgde kristne og tidsavgrensa fokusområde (delmål 4,5)

Målet er nådd.

Stefanusalliansen var med i 4 prostilag og Ungdomstinget. Dette har ført til gode møter med prestar og ungdom i bispedømmet. Aktuelle tema for fokus er identifisert og kommunisert til kyrkjelydane. Det har vært fokus på forfølgde kristne gjennom fokus på Syria og Nord-Korea. Det har elles vore fokus på Bridgebuilders og Holocaust-markering, og på stortingsvalet som verdival. Slik blei SMMS meir dagsaktuelle i sitt fokus gjennom året.

Delmål: Kartleggje kyrkjelyden sin praksis omkring gjevarteneste og offer til global misjon

Målet er ikkje nådd.

Tips frå kyrkjelydar som har idear eller erfaringar er innhenta. 15 kyrkjelydar blei spurt om dei hadde tips. Men det var få som kan brukast av andre. Kartlegging av status i kyrkjelydane kan bli oppfatta som penge- eller rapporteringsmas. Dette blei derfor utsett til 2014.

Delmål: Auka tverrfagleg arbeid for heilskapleg misjonsfokus

Målet er ikkje nådd.

Tverrfaglege fokusområder i møte med diakoni/inkludering og kultur er identifisert og lagt inn i Årsplan 2014. Det blei ikkje tid nok til å gå grundig inn i dette saman med kultur- og diakonirådgevar i 2013, ut over det å identifisere konkrete satsingsområde for vidare tverrfagleg arbeid.

Delmål: Lokal økumenikk

Målet er ikkje nådd

Biskopen deltek med jamne mellomrom på "Forum for Menighetsledere", eit forum som i hovudsak samlar frikyrjelege leiarar i Stavanger-området. I 2013 blei det ikkje eit slikt møte i forumet. Det mest konkrete som skjer når det gjeld lokal økumenikk, er samtalar med representantar for kristne organisasjonar og andre kyrkjesamfunn i samband med visitasar, noko som i liten grad var aktuelt ved visitasar i 2013.



Delmål: Vennskapsbispedømme (delmål 10 og 11)

Målet er nådd.

Gjensidig evaluering av Cape Orange-avtalen er gjennomført. Cape Orange Diocese ville at samarbeidet skulle fortsetja og intensiverast. Konklusjonen frå Stavanger bispedømmeråd var derimot at sidan samarbeidet i liten grad har fungert, så er det tid for å avslutta dette ved utgangen av 2013.

Kontakten med vennskapsbispedømmet Carlisle blei styrkt og formalisert i 2013. Biskop James Newcome og hans næraste rådgjevar, George Howe vitja Stavanger bispedømme i mars, mellom anna for å drøfte vennskapssamarbeid og vennsapsavtale. I oktober var Stavanger bispedømmeråd i Carlisle, mellom anna for å signere vennsapsavtalen. Avtalen har tre satsingsområde: ungdomsarbeid, pilegrimsarbeid og kyrkjelydsutvikling.

Innan kvart satsingsområde har vi konkrete planar om gjensidig utveksling av erfaring gjennom besøk. Bispedømmet har sett ned eigne arbeidsgrupper til å følge opp samarbeidet.

Vegen vidare

I 2014 vil arbeidet med å besøka stabar og trusopplærarar fortsetja som før. Det blir ingen prostilagsmøter, sidan alle prostilag har fått besøk i løpet av dei to siste åra. Arbeidet med å inspirera misjons- og gudstenesteutval, dei 3 prøveprosjekta i kyrkjelydar, kartlegging og inspirasjon med tanke på gjevarteneste, fagdagar for organisasjonstilsette og tverrfagleg samarbeid med kultur- og diakoniområda held fram også i 2014.

Ut over dette vil SMMS i 2014 satsa på konkrete delmål knytt til kvar av dei 7 organisasjonane i SMM. Mellom anna vil satsinga på alternativmessene trappast ned (sidan Kirkelig Dialogsenter no er tungt inne der), og Areopagos-fokuset i SMMS vil flyttast over på misjonsspiritualitet og kristen meditasjon.



f. Visitas

Biskopen skal vidareføra innarbeidd praksis ved visitas med utgangspunkt i visitasreglementet frå 2013.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Visitas	Biskopen skal vidareføra innarbeidd praksis ved visitas med utgangspunkt i visitasreglementet frå 2013.	1. Følgja oppsett visitasplan. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Visitasarbeidet har høg prioritet hos biskop, prost og lokale medarbeidarar. 2. Førebu visitasplan for 2014. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Tidleg planlegging og god kommunikasjon med prostane.	Samsvar mellom visitasar og visitasreglement.

Måloppnåing og vurderingar

Måla er nådde.

Biskop Erling J. Pettersen gjennomførte i 2013 sju visitasar.

Visitasreglementet § 2 seier at kvart sokn som hovudregel skal visiterast av biskopen minst kvart åttande år. Vi har delt bispedømmet opp i 50 visitasområde. Det er i 2013 gjennomført ordinære visitasar i seks visitasområde:

- Bekkefaret sokn i Stavanger domprosti (januar-februar 2013), sist visitert i 1999.
- Egersund, Helleland, Eigerøy sokn i Dalane prosti (mars), sist visitert i 2007.¹
- Klepp sokn i Jæren prosti (april), sist visitert i 2004.²
- Avaldsnes sokn i Karmøy prosti (september), sist visitert i 2003.
- Bore og Orre sokn i Jæren prosti (oktober), sist visitert i 2004.³
- Sola og Sørnes sokn i Tungenes prosti (november), sist visitert 2001.
- St. Petri sokn i Stavanger domprosti (desember 2013), sist visitert i 1999.

¹ Egersund, Helleland, Eigerøy sokn blei sist visitert i samband med prostivisitas i 2007. Dette var ei forsøksordning. Siste ordinære visitas i visitasområdet var i 2004.

² Klepp, Bore og Orre høyrer til same visitasområde. Då ein planlagd visitas blei utsett til 2014, delte ein visitasen i dette visitasområdet i to. Dette var i tråd med lokale ønskjer. Førre visitas var ein felles visitas for alle sokna i visitasområdet.

³ Sjå fotnote 2.

§ 4 i visitasreglementet har ei oversikt over innhaldet i ein visitas. Vi har funne ei form der alt som skal vera med, har fått plass i programmet, bortsett frå at vi ikkje konsekvent har hatt møte med fellesrådet. I dei større byane har dette vore ivaretatt gjennom kyrkjeverja, elles har slike møte vore gjennomført.

Av dei elementa som bør vera med, har vi lagt særleg vekt på at det i visitasen bør inngå «programposter som har til hensikt å fremme kirkens samarbeid med skole og barnehage», dels på bakgrunn av uttrykte behov i lokalkyrkjelydane og dels på bakgrunn av at biskopen har stor kompetanse på området. Her har vi prøvd ut ulike møteformer. Dei mest verdifulle erfaringane har vi gjort der vi har samla dei ansvarlege for barnehage- og skuledrift i kommuneadministrasjonen, rektorar og inspektørar frå dei aktuelle skulane, barnehagestyrarar og dei kyrkjeleg tilsette som har ansvar for den lokale kontakten med barnehagar og skular.

For å følgje progresjonen med visitas i alle sokn kvart åttande år, har vi som mål å gjennomføre åtte visitasar i året. I 2014 har vi lagt opp til åtte visitasar i tillegg til ein dagsvisitas ved Stavanger Universitetssjukehus (SUS)

For 2014 er det lagt følgjande visitasplan:

- Tasta sokn i Ytre Stavanger prosti (februar), sist visitert i 2000
- Strand, Jørpeland og Forsand sokn i Ryfylke prosti (mars), sist visitert i 2008⁴
- Sokndal sokn i Dalane prosti (mars), sist visitert i 2007⁵
- Høle og Riska sokn i Sandnes prosti (april), sist visitert i 2003.
- Hesby, Sjernarøy og Talgje i Tungenes prosti (mai/juni), sist visitert i 2003.
- Vardeneset og Austre Åmøy i Ytre Stavanger prosti (september), sist visitert i 2000.
- Tananger og Ræge sokn i Tungenes prosti (oktober), sist visitert i 2001.
- Stokka og Kampen sokn i Stavanger domprosti (november), sist visitert i 2004
- Dagsvisitas ved SUS: 29. oktober.

⁴ Strand, Jørpeland og Forsand: Sist visitert i samband med prostivisitas i 2008. Dette var ei forsøksordning. Siste ordinære visitas i visitasområdet var i 2000.

⁵ Sokndal: Sist visitert i samband med prostivisitas i 2007. Dette var ei forsøksordning. Siste ordinære visitas i visitasområdet var i 2005

g. Medarbeidarskap

Mål for bispedømmet: Vi skal arbeide for å ha motiverte og kompetente løna og uløna medarbeidarar på alle nivå i bispedømmet.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Medarbeidarskap.	Motiverte og kompetente løna medarbeidarar.	1. Fornyng av frivillig medarbeidarskap.	Frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane.
		2. Bidra til auka kompetanse i sokneråd og kyrkjelege fellesråd.	Deltaking på arrangement.
		3. Oppfølging av kyrkjeleg tilsette.	

Målet er delvis nådd

Bispedømmet har enno ikkje oversikt over talet på frivillige frå kyrkjelydane i 2013. Desse tala kjem frå SSB etter fristen for årsrapportering. Frivilligheit er ei integrert del av bispedømmet si verksemd, og særleg i samband med trusopplæring blir det arbeida systematisk med dette. I 2014 blir frivillig medarbeidarskap eit særleg satsingsområde.

Årsplan 2013 hadde tre konkrete tiltak: Den årlege samlinga for nyttilsette blei gjennomført, med 22 påmeldte deltakarar. Eit kurs i kyrkjerett og sakshandsaming blei avlyst på grunn av få deltakarar.

Ei av dei store hendingane i 2013 var ein konferanse om «Muligheter i folkekirken». Konferansen blei arrangert 22.-23. november, på Misjonshøgskolen. Kyrkjevevjelaget, FOKUS – Det norske misjonsselskap sitt nettverk for misjonale kyrkjelydar og Agenda 1 i IMI-bevegelsen var medarrangørar. Konferansen sette fokus på kyrkjelydsutvikling i folkekyrkja. Professor Harald Hegstad, biskopen og avdelingsleiar i Kyrkjerådet, Paul Erik Wirgenes, var sentrale bidragsytarar. Det var 11 seminar om ulike fagområde og verktøy for kyrkjelydsutvikling.

Det var 226 påmeldte. Blant dei var både prestar, frivillige leiarar og andre kyrkjeleg tilsette godt representerte. Konferansen nådde også heile bispedømmet geografisk sett, med god representasjon frå alle delar. Evalueringane gav entusiastiske tilbakemeldingar om at konferansen var inspirerende og nyttig.

h. Inkludering

Kyrkja sitt inkluderingsarbeid skal bidra til at fleire menneske får same mulegheit til å delta og høyre til i fellesskapet i den lokale kyrkja som likeverdige medlemmar, uavhengig av funksjonsevne og livssituasjon.

Satsings- område	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Kyrkja sitt inkluderingsarbeid skal bidra til at fleire menneske får same mulegheit til å delta og høyre til i fellesskapet i den lokale kyrkja som likeverdige medlemmar, uavhengig av funksjonsevne og livssituasjon.	Auke bevisstheita om inkluderande kyrkjeliv og HEIL-visjonen i kyrkjelydane i bispedømmet.	Leiing, tilsette og frivillige i kyrkjelydane får større bevisstheit om inkluderande kyrkjeliv og HEIL-visjonen. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Kyrkjelydane må på alle område fokusere på tilrettelegging og inkludering uavhengig av funksjonsevne.	Del av kyrkjelydar og tilsettegrupperingar som blir besøkt for informasjon, inspirasjon og kompetanseutvikling.
		Inspirasjons- og oppfølgingsarbeid for tilsette og frivillige medarbeidarar. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Tilsette og frivillige medarbeidarar får sakssvarande opplæring og oppfølging.	
		Bidra til samhandling og tverrfagleg samarbeid i kyrkjelydar og kommunar (mellom helsevesen og kyrkje, jf. Diakoni 2012). <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Tilsette og frivillige medarbeidarar får sakssvarande opplæring og oppfølging.	
	Auke deltakinga i kyrkjelege aktivitetar blant menneske med nedsett funksjonsevne/ utviklingshemming.	Inkluderande gudstenesteliv i fleire kyrkjelydar. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Menneske med utviklingshemming blir synlege deltakarar og medverkande i gudstenester i kyrkjelyden.	Tal på «tilrettelagte» aktivitetar: Gudstenester, trusopplærings- og fellesskapstiltak og HEIL-konfirmantar.
		Inkludere fleire menneske med utviklingshemming i trusopplæringstiltak. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Tilsette og frivillige medarbeidarar får saks-svarande opplæring og oppfølging.	Allmenne aktivitetar: Deltaking i ordinære tilbod for heile kyrkjelyden.

Måloppnåing og vurderingar

I tråd med vedtak i bispedømmerådet hausten 2012 er inkluderingsarbeidet frå 2013 profilert som eit eige hovudområde i bispedømmet, med vekt på utvikling av strategi, mål og arbeidsplanar. Dette inneber meir spesifikk rapportering med utgangspunkt i Årsplan 2013, men er og eit arbeid som må utviklast vidare som ein hauster erfaring og lærdom med dette. Inkludering har tidlegare blitt synleggjort i rapportering frå diakoni og trosopplæring, og vil framleis ha sitt rettmessige fokus og der, sjølv om det nå er eit eige felt.

Delmål: Leiing, tilsette og frivillige i kyrkjelydane får større bevisstheit om inkluderande kyrkjeliv og HEIL-visjonen

Målet er nådd

Vi har prioritert kontaktarbeid inn mot prostia ved å delta både på prostemøte og prostilagsmøte i fem prosti, der vi har tema om «Inkluderande kyrkjeliv» og HEL-tenking, samtaler om arbeidet på lokalplanet og bevisstgjering til målretta arbeid med inkludering. Vi har og løfta opp tematikken i prostesamtalar og i årsrapportsamtaler i trusopplæringa. Deltaking på fagdagar for diakonar har også gitt god mulighet for strategisk arbeid med ideologi og haldningsarbeid, og vi har også deltatt på fleire samlingar i kyrkjelydar og organisasjonar med innlegg om tematikken «inkluderande kyrkjeliv». Gjennom deltaking på visitasar er det også gitt muligheter for å snakke med medarbeidarar og samarbeidspartnarar. Slik har vi møtt eit utval av sentrale tilsette og frivillige som alle er viktige målbærarar for dette ute i kyrkjelydane.

Delmål: Inspirasjons- og oppfylgingsarbeid for tilsette og frivillige medarbeidarar

Målet er nådd

Det nære samarbeidet med Diakonistiftelsen Rogaland bidrar fortsatt til at det blir etablert og oppretthalde diakonstillingar som har ein viss prosentdel øyremarka til arbeid blant utviklingshemma. Oppfølging og vegleiing av desse og deira og arbeidsgivarar er gjennomført, saman med kontakt og samtalar med andre kyrkjeleg tilsette som er aktive i lokalt arbeid for utviklingshemma. Medarbeidarsamling for nordfylket blei gjennomført i november, med inspirerende besøk hos bedrifta UNI-K, og gode innspel frå dansk kollega på besøk. Elles har inkluderingsrådgjevarane deltatt på mange arrangement ute i kyrkjelydane: klubbar, kafear, institusjonsbesøk og gudstenester. Dette har ført til god kontakt og samtalar med mange medarbeidarar.

Delmål: Bidra til samhandling og tverrfagleg samarbeid i kyrkjelydar og kommunar

Målet er nådd

Med bakgrunn i Helsedepartementet sitt rundskriv av desember 2009 om alle sin rett til trus- og livssynsutøving, har det vore viktig å fokusere på samhandlingsreforma i våre møtepunkt med kyrkjeleg tilsette og representantar frå kommunar og tenesteytarar.

Gjennom besøk på bustadar og institusjonar oppnår vi god kontakt med bebuarar og tilsette, og det blir skapt ein god arena for tverrfagleg samarbeid. Gjennom slike avtaler har vi i år bidratt med trusopplæring for bebuarar på deira heimearena, og bidratt som ressurs for tilsette i religiøse spørsmål og med vegleiing om korleis ein kan visa omsorg ved livets slutt. På Verdens Downs-syndrom dag, 21.mars, var vi saman med Diakonistiftelsen og fleire lokale NFU-lokallag om eit stort festarrangement i Haugesund. Vi har vore aktivt inne som medforfattarar til vegleiingshefte om Samhandling utgitt av Samarbeidsrådet for trus - og livssynssamfunn/Helsedirektoratet og heftet «Trosopplæring og konfirmasjon med like muligheiter for alle», utgitt av Kyrkjerådet/KA.



Delmål: Inkluderande gudstenesteliv i fleire kyrkjelydar

Målet er nådd

I alle våre møtepunkt med kyrkjeleg tilsette har vi fokusert på betydinga av å arbeide både med «tilrettelagte gudstenester» og det å legge aktivt til rette for deltaking og medverknad av funksjonshemma i ordinære gudstenester. Vi har fokusert på hjelpestoff og pedagogisk materiell til dette arbeidet, og å jobbe for at slikt gudstenestearbeid skal ha sin naturlege plass i lokale kyrkjelydar og i prosti. Dette er langsiktig motiverings-, haldnings- og inspirasjonsarbeid. Det er rapportert om tilrettelagte gudstenester i dei fleste prostia, i forskjellig form og samanheng: gudstenester som er innarbeidd som en integrert del av klubbarbeid, gudstenester som en del av tilrettelagte konfirmasjonsopplegg, hovudgudstenester der utviklingshemma er aktive deltakarar og medverkar, skulegudstenester tilpassa spesialsksular sine behov osv.. Vi vil arbeide for fortsatt styrking av området fordi heile gudstenestefellesskapet har stort utbytte av impulsane frå utviklingshemma si tru og livserfaring.

Delmål: Inkludere fleire menneske med utviklingshemming i trusopplæringsstiltak

Målet er nådd

I trusopplæringsreforma har tilrettelagte konfirmasjonsopplegg hatt sterkt fokus. Reforma bidreg nå til meir bevisst tenking om tilrettelagt arbeid for dei yngre aldersgruppene. Samtidig er det viktig at vi i høve til målgruppa og definerer «vaksenarbeidet» som en del av trusopplæringsarbeidet.

Tilrettelagt konfirmantarbeid i bispedømmet har form både av fellesprosjekter som dekker fleire kyrkjelydar (HEL-konfirmantar), og lokale opplegg med særskilde tiltak for enkeltkonfirmantar, og planer der konfirmantar med særskilde behov er godt integrert i det ordinære opplegget. Oppfølging og rådgjeving er blitt gjort i konkrete tilfelle.

Vi har prøvd å sjå på muligheiter for vidareutvikling av speidar- og klubbarbeid. Fleire melder om utfordringar med å nå dei yngre og rekruttere dei inn som deltakerar i eksisterande arbeid.

Weekendarbeid har igjen vist seg som eit svært viktig og populært tiltak. Det meste av dette skjer i regi av Diakonistiftelsen Rogaland, på deira leirstad Nesjatun på Bømlo. Turane hit har samla både unge og vaksne deltakarar, og behovet synest å være større enn tilbodet.

Diakonistiftinga og bispedømmet stod i år saman om å arrangere kyrkefelleskapstur til Solgården i juni. Vi reiste med ei gruppe på 27 personar frå Rogaland, og gjennomførte opplegget saman med tilsvarande grupper frå tre andre bispedømmer. Med svært gode erfaringar og tilbakemeldingar arbeider vi vidare med vidareutvikling og utviding av dette prosjektet.

Tiltak som juletreffest og sommarfest har godt fotfeste som fellestiltak i nord-fylket, mens det meir skjer som lokale arrangement i sør-fylket. Det har vore arbeidd kontinuerleg med bidrag til utvikling av ressursmateriell. Eit konkret resultat av dette var at kurset «Bli kjent i kirken» blei gitt ut i ny form på IKO, som TIP- ressurshefte til trusopplæringa.



Frå Bekkefaret kirke

2. Stimulering av økt samarbeid mellom kyrkjelydane og dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja

2.1. Administrasjon

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Utvikle bispedømmerrådet sin administrasjon for å oppnå auka effektivitet og betre servicenivå.	Bidra til at bispedømmerrådet har ei forvaltning som er funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert.	1. God budsjettstyring som sikrar forsvarleg bruk av tildelte midlar og rekneskap i balanse. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none"> - God kunnskap om budsjettstyring på alle leiingsnivå i organisasjonen. - Godt samarbeid mellom stiftsdirektør, prostar, og tilsette som jobbar med økonomi og personal. 	Budsjett og rekneskap er i balanse.
		2. Brukarane skal oppleve at administrasjonen er tilgjengeleg, og at medarbeidarane er kompetente og serviceinnstilte. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Brukarorientering på bispedømmekontoret. - Tilsette er tilgjengelege på e-post og telefon. - Tilstrekkelig med ressursar og tydeleg fordeling av ansvar og arbeidsoppgåver. - Informasjon om ordningar, tidsfristar, satsar, aktuelle skjema og brukardokumentasjon skal være lett tilgjengeleg. 	
		3. Kunnskap om erfart servicenivå. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Tilstrekkeleg tal på brukarar som svarar på undersøkinga. 	

Budsjett og rekneskap

Utvikle bispedømmerådet sin administrasjon for å oppnå auka effektivitet og betre servicenivå.

Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Bidra til at bispedømmerådet har ei forvaltning som er funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert.	<p>4. God budsjettstyring som sikrar forsvarleg bruk av tildelte midlar og rekneskap i balanse.</p> <p><i>Kritiske suksessfaktorar:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- God kunnskap om budsjettstyring på alle leiingsnivå i organisasjonen.- Godt samarbeid mellom stiftsdirektør, prostar, og tilsette som jobbar med økonomi og personal.	Budsjett og rekneskap er i balanse.
	<p>5. Brukarane skal oppleve at administrasjonen er tilgjengeleg, og at medarbeidarane er kompetente og serviceinnstilte.</p> <p><i>Kritiske suksessfaktorar:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- Brukarorientering på bispedømmekontoret.- Tilsette er tilgjengelege på e-post og telefon.- Tilstrekkelig med ressursar og tydeleg fordeling av ansvar og arbeidsoppgåver.- Informasjon om ordningar, tidsfristar, satsar, aktuelle skjema og brukardokumentasjon skal være lett tilgjengeleg.	Brukarundersøkingar er gjennomført.
	<p>6. Kunnskap om erfart servicenivå.</p> <p><i>Kritiske suksessfaktorar:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- Tilstrekkeleg tal på brukarar som svarar på undersøkinga.	

Måloppnåing og vurderingar

Delmål: God budsjettstyring som sikrar forsvarleg bruk av tildelte midlar og rekneskap i balanse.

Målet er nådd.

Samla rekneskapsresultat Stavanger bispedømmeråd, 2006 - 2013*(tal oppgitt i 1000-kroner)*

	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Mindreforbruk	482	2	154	26	631	226	922	1 853

Vi er nøgde med at rekneskapsresultatet for åttande år på rad, er gjort opp med eit positivt resultat. I 2013 blei mindreforbruket på kr 482 009, som utgjør 0,42 % av total tildeling.

Vi har bevisst styrt mot eit mindreforbruk i fjor, grunna tvist med huseigar knyta til krav om ekstra leige for fellesareal i Statens Hus. Krav frå huseigar summerer seg til kr 384 533 pluss renter for sein betaling i jf. brev datert 13.09.13. Etter behandling i Forlikrådet 10.12.13, blei det konkludert med at saka vil bli overført til Tingretten for endeleg avgjersle. Dato for rettsbehandling er ikkje fastsett.

Ressursforbruk Presteskap (Kapittel 1591/4591, post 01 og 02)

Rekneskapsrapporten for presteskapsåret 2013 viser eit mindreforbruk på kr 486 153.

Av tilskotet frå FAD på kr 69 millionar, er 85 % bundne opp i faste lønsutgifter. I tillegg hadde vi eit vikarbudsjettt på kr 1,1 millionar i 2013. Erfaring frå år med mindre ressursar avsett til vikar (2009 & 2010), har vist kor viktig det er for prestane at det er midlar til vikar ved sjukdom og studiepermisjonar. Samla løns- og vikarutgifter blei omtrent som budsjettet i 2013. Andre vesentlege utgiftspostar er kilometergodtgjersle samt kurs og vidareutdanning.

Ein analyse av netto utgifter fordelt på formål, syner at lønsrelaterte utgifter til presteskapsåret står for heile 92,4 % av samla forbruk. På ein klar andreplass kjem utlegg til etterutdanning og kompetanse med 2,4 %.



Formål	2013	
	Løn og annan godtgjering prestar	59 635 823
Løn og annan godtgjering prostar	3 681 110	5,4 %
Kompetanseutvikling	1 675 142	2,4 %
Inkluderande kyrkjeliv	872 886	1,3 %
Arbeidsveileiing	391 841	0,6 %
Vegen til presteneste	355 771	0,5 %
Rekruttering	299 381	0,4 %
Personaltiltak	295 609	0,4 %
Andre fellesutgifter presteskap	248 662	0,4 %
Tilskot prostesekretær	241 000	0,4 %
Fagforeiningsarbeid	188 645	0,3 %
Kyrkja sitt gudstenesteliv	142 678	0,2 %
Konfirmantar	120 000	0,2 %
Konflikthandsaming	101 971	0,1 %
Helsetenester	77 728	0,1 %
Kyrkjemusikk	63 972	0,1 %
Verneombod	55 373	0,1 %
Kyrkjelydsutvikling	26 962	0,0 %
Andre formål	27 291	0,0 %
TOTALT	68 501 847	100,0 %

For og sjå korleis vi nyttar ressursane i Stavanger bispedømme, har vi analysert totale kostnader per kyrkjemedlem for bispedømmet samla, per prosti og målt mot dei andre bispedømmeråd i landet.

Kostnad per kyrkjemedlem			
	Netto utgifter presteskap	Kyrkje-medlemmar	Kostnad per medlem
Domprostiet	9 113 860	43 492	210
Ytre Stavanger	7 469 336	47 105	159
Tungenes	7 862 891	34 051	231
Sandnes	8 344 453	51 298	163
Ryfylke	6 688 403	20 511	326
Dalane	4 976 159	18 617	267
Jæren	8 437 011	52 084	162
Haugaland	9 021 077	44 657	202
Karmøy	6 588 655	34 279	192
Totalt	68 501 846	346 094	198
<i>Medlemstal per 18.04.13</i>			

Analysen syner at det er meir kostbart å drifte små prosti som Ryfylke og Dalane enn store prosti.

	Netto utgifter presteskap	Kyrkje- medlemmar	Kostnad per medlem
Agder og Telemark	88 685 000	341 768	259
Bjergvin	108 270 000	489 544	221
Borg	90 411 000	501 778	180
Hamar	79 884 000	320 901	249
Møre	53 233 000	218 004	244
Nidaros	86 115 000	362 665	237
Nord-Hålogaland	63 170 000	196 475	322
Oslo	110 459 000	467 316	236
Stavanger	68 502 000	345 287	198
Sør-Hålogaland	60 572 000	200 791	302
Tunsberg	79 227 000	378 443	209
Den norske kyrkje	888 528 000	3 822 972	232

Medlemstal, rekneskapstal frå Etatsstatistikken 2013

Etter vår oppfatning har Stavanger bispedømmeråd ein sunn balanse mellom tilskot frå departementet og midlar bunde opp i faste prestestillingar ved utgangen av 2013. Dette skirar at vi også i 2014 har frie midlar til og oppretthalde vikarbudsjetten på dagens nivå, samstundes som vi førar vidare satsing på kurs- og etterutdanning. Det er sterkt beklageleg at vi per i dag ikkje har budsjettmessig dekning for å tilsette fleire kyrkjelydsprestar, til å møte den sterke befolkningsauka som skjer i Rogaland.

Vi har i tillegg utført ein forenkla analyse av kostnad per utført teneste for bispedømmet samla og per prosti.

Kostnad per teneste								
	Netto utgifter totalt for presteskapet	S+H-gudst	Dåp	Vigslar	Konfirmantar	Gravferder	Sum tenester	Kostnad per teneste
Domprostiet	9 113 860	522	416	78	343	380	1 739	5 073
Ytre Stavanger	7 469 336	455	413	52	568	338	1 826	3 931
Tungenes	7 862 891	482	401	158	452	219	1 712	4 423
Sandnes	8 344 453	527	581	92	557	343	2 100	3 835
Ryfylke	6 688 403	375	239	63	282	212	1 171	5 463
Dalane	4 976 159	322	221	53	204	175	975	4 805
Jæren	8 437 011	644	689	193	712	349	2 587	3 149
Haugaland	9 021 077	557	484	102	536	419	2 098	4 161
Karmøy	6 588 655	410	436	113	493	268	1 720	3 661
Totalt	68 501 846	4 294	3 880	904	4 147	2 703	15 928	4 136

** 2013-tal*

Denne analysen syner også at kostnad per teneste er høgare i dei mindre prostia enn i dei store. Talet på tenester innverkar også på resultatet.

Administrasjon (Kapittel 1590/4590, post 01 og 02)

Rekneskapen for administrasjonskapittelet er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 13 856.

Leiinga er tilfreds med at rekneskapen er gjort opp i balanse.

Ein analyse av netto utgifter fordelt på formål, syner at lønsrelaterte utgifter til administrativt personell står for 55,1 % av samla forbruk. Utgifter knytte til kyrkjefaglege stillingar og demokrati utgjer 23 % av kostnadene. Berre 2 % av tildelte midlar er nytta til kompetanseutvikling og andre personaltiltak.

Formål	2013	
Administrative stillingar	6 462 295	55,1 %
Kontraktsfesta driftsutgifter	1 431 558	12,2 %
Trusopplæring	1 091 932	9,3 %
Kultur	587 322	5,0 %
Diakoni	567 882	4,8 %
Variable driftsutgifter	494 116	4,2 %
Demokrati	262 662	2,2 %
Bispedømmeråd	228 428	1,9 %
Ungdomsdemokrati	129 532	1,1 %
Misjon	110 590	0,9 %
Stiftsdagar	97 958	0,8 %
Kompetanseutvikling	96 327	0,8 %
Rekruttering	41 640	0,4 %
Personaltiltak	40 252	0,3 %
Arbeidsveileiing	25 201	0,2 %
Pilegrim	24 694	0,2 %
Helsetenester	14 512	0,1 %
Kommunikasjon	9 830	0,1 %
Visitat	9 414	0,1 %
Sum utgifter	11 726 144	100,0 %



Administrasjon (Kap 1590, post 21 og post 03)

Prosjekt ført på oppdragskonti gjekk i balanse per 31.12.13.

I 2013 hadde Stavanger bispedømmeråd totalt tolv kombinerte prestestillingar som blir finansiert delvis av offentlege midlar og delvis av fellesråd/sokneråd. I tillegg blei det arrangert ei rekke kurs og konferansar der utgiftene blei dekt inn av tilskot frå andre og deltakarbetaling.

Tilskotsforvaltning (Kap.1590, post 7116 og post 75)

Alle tilskotskapitla blei nytta fult ut. Det var ikkje unytta midlar ved utgangen av året. Stavanger bispedømmeråd har forvalta følgjande tilskotsordningar i 2013:

- a) Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk (Kr 11,9 millionar)
- b) Tilskot til trusopplæring (Kr 21,4 millionar)

Endringar i strategiar og tiltak

Vi vil halde fram arbeidet med og vidareutvikle økonomistyringsverktøy og rapportering. Vi vil jobbe målretta for at våre brukarar skal oppleve god service og få tenester av høg fagleg kvalitet.

Delmål: Brukarundersøking

Målet er nådd.

Bispedømmet gjennomførte siste kvartal 2013 ei brukarundersøking. Det blei sendt ut eit questback-skjema til prostar, prestar, administrativt og fagleg tilsette i kyrkjelydane. Me fekk inn 184 svar. Om lag 3 av 4 prestar i bispedømmet er mellom desse, dei utgjør 40% av respondentane. Elles er 23 % av respondentane administrativt tilsette, 15 % kyrkjevevjer eller administrativt tilsette, 10% kyrkjemusikarar og om lag 10% diakonar.

Undersøkinga viser at 3 av 4 brukarar er nøgde eller svært nøgde med bispedømmekontoret. Bare 4 % er ikkje nøgde, og ut frå kommentarane ser me at det ofte har bakgrunn i vedtak der brukaren ikkje har fått det ønska resultatet. Svært mange av dei som er nøgde oppgjev positive, tilgjengelege og vennlege medarbeidarar som årsak til den gode evalueringa. Dess meir dei som svarar er i kontakt med kontoret, dess meir nøgde er dei.

Brukarundersøkinga gjev detaljerte tilbakemeldingar på mange fagområde, og kontoret vil arbeida vidare med analyse og tiltak i 2014, ut frå dei svara me har fått.



2.2. Evaluering og målstyring

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Evaluering og målstyring.	Auka kunnskapen om situasjonen i kyrkjelydane gjennom å innhente og analysere talmateriale frå kyrkjelydane slik at målretta tiltak kan setjast inn.	1. Auka kunnskap om implementering av gudstenestereform.	Talet på brukarundersøkingar.
		2. Auka kunnskap om samarbeid mellom lokale og sentrale organ i forhold til trusopplæring.	
		3. Skaffa kunnskap om kvaliteten på kyrkjelydane sitt møte med dåpsfamiliar.	

Måla er delvis nådde.

Brucarundersøkinga er referert under 2.1. Ei brukarundersøking om implementering av gudstenestereforma blei referert i årsrapporten for 2012. Brucarundersøkinga for i år inneheld også spørsmål om trusopplæring. Nær 2 av 3 av respondentane er nøgde med korleis bispedømmet løyser sine oppgåver i forhold til trusopplæring, og bare 6 % er ikkje nøgde. Det vurderer me som eit godt resultat, sidan mange kyrkjelydar blir utfordra til endring og møter klare forventningar gjennom trusopplæringsreforma.

Bispedømmekontoret har ikkje utført eigne undersøkingar om korleis kyrkjelydane møter dåpsfamiliar. Dette har likevel vore tema på fleire fagsamlingar, og bispedømmet har dåp som eit særleg satsingsområde for 2014.



2.3. Lokalt samarbeid

Samarbeid på tvers av inndelingar

Stimulere til auka samarbeid mellom sokna og dei ulike forvaltningsnivåa.

Satsings-område	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Lokalt samarbeid	Auke samarbeid på tvers av sokne- og kommune-grenser.	Samordning av tiltak innan bispedømmerådet, biskopen fellesråda og kyrkjelydane si verksemd. Bidra til oppstart av samarbeid mellom sokneråd / fellesråd i bispedømmet. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none">- Sokneråda oppnår fordelar gjennom samarbeid.- Dei kyrkjeleg tilsette oppnår ein betre arbeidssituasjon gjennom samarbeid.- Konkrete samarbeidstiltak har god leiing.	Talet på fellesråd som deltar i forsøk, eller har etablert samarbeidsområde på tvers av sokne- og kommunegrenser. Talet på sokn som har forsøk med samanslåtte sokn eller som er slått saman til eitt sokn.

Måloppnåing og vurderingar

For samordning av tiltak innan verksemda til bispedømmerådet, biskopen, fellesråda og kyrkjelydane, ligg det føre ein oppdatert felles kurskatalog på våre heimesider.

Det er gjennomført eitt samordningsmøte mellom kyrkjeverjelaget sitt styre og bispedømmeadministrasjonen.

Målet om å bidra til oppstart av formelt samarbeid mellom kyrkjelege fellesråd er ikkje nådd. I møte med kyrkjeverjelaget sitt styre hausten 2012 kom det fram at det ikkje er ønskje eller vilje til å gå inn i slike samarbeidsprosjekt. KA (Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon) har heller ikkje hatt ønskje om å bidra inn mot oppstart av prosjekt.

Det er lite truleg at fellesråd ønskjer å gå inn i prosjekt med formelt samarbeid i ei tid der kyrkjeordninga er i endringsprosess. Vi har også peika på at fellesråda si utsikt til å oppnå økonomiske fordelar gjennom formelle samarbeidstiltak er ein kritisk suksessfaktor, og at det var svært sannsynleg at dette ville inntreffe. Måloppnåinga er i samsvar med risikovurderinga.

Innan trusopløringa er det samarbeid om stillingar mellom 19 sokn. Det er endå fleire sokn som har samarbeid på tiltak, særleg innan ungdomsfasen.

2.4. Bruk av elektroniske løysingar

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
<i>Ta i bruk og utnytte elektroniske løysingar.</i>	Utvikle godt fungerande heimesider.	1. Få oversikt over bruken av heimesida.	Kor mange treff det er på heimesidene.
		2. Auke bruken av heimesida.	
		3. God frekvens på oppdateringar av heimesida.	

Målet er delvis nådd.

Bispedømmet hadde 24222 unike treff på heimesida i 2013. Dette er nest flest blant bispedømmet. Sidan me elles ikkje har samanlikningsgrunnlag, er det vanskeleg å vurdere dette resultatet, sjølv om talet i seg sjølv verkar høgt nok.

For 2013 hadde bispedømmet mål om å ha ein ny hovudsak kvar 14. dag og ein ny nyhendesak kvar veke. Me hadde litt færre hovudsaker enn dette og litt fleire nyhendesaker (hhv 0,41 og 1,2 pr. veke). Til dels handla dette om prioriteringar og til dels om å ha viktige saker liggjande lengre som hovudsak.

1 av 4 av dei som har svart på brukarundersøkinga, bruker nettsida kvar veke. To av tre brukar ho meir enn ein gong i månaden. 60% av brukarane synest det går greitt å finna fram på nettsidene og bare 4,5% er misnøgde, men her kan det likevel vera potensial for betring. 8 % av brukarane har eit klart ønske om hyppigare oppdateringar, litt over halvparten er nøgde. Administrasjonen meiner sjølv at det er mogleg å bruka nettsida meir, men om det lukkast handlar om kapasitet og prioriteringar i forhold til andre arbeidsområde.

Det er kurskalenderen som får høgst score på kva som er viktig på nettsida. Elles ønskjer brukarane seg særleg nyhende, informasjon om arrangement og god informasjon om regelverk. Ingen av dei typene informasjon som det blir spurt etter og som i dag finst blir opplevde som klart irrelevante, alle får gjennomsnittleg score over «litt viktig», sjølv om nokre av brukargruppene i seg sjølv ikkje treng alle typar informasjon.

I undersøkinga kjem det også fram ønske for nettsida framover. Mellom anna kan folk tenkja seg glimt frå lokale kyrkjelydar og oversikt over retreattilbud. I 2013 har i periodar dei som har ønska saksdokument og protokollar frå bispedømmerådet fått oppgjere kor dei kan spørja etter dette, og nokre etterlyser at dette kjem raskare ut på nett.

2.5. Informasjon

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultat-indikator 2013
Intern kommunikasjon.	1. Dei tilsette i bispedømmet skal oppleve betre informasjonsflyt i 2013. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Gode system for informasjonsformidling. - Klar, enkel og brukarorientert informasjon. - God timing av informasjonen. - Informasjonsfagleg kompetanse. - Teknologi og teknologisk kompetanse. - Tid til å driva informasjonsarbeid - Informasjonsfunksjonar er godt integrerte i organisasjonsstrukturen. - Tilsette som aktivt brukar media som informasjonskanal. 	Kartlegga informasjonsflyt mellom bispedømme og kyrkjelydar.	Svar på brukarundersøking.
		Systematisk organisering av informasjonsarbeidet ved bispedømmekontoret.	
Informasjon i kyrkjelydane.	2. Bidra til at kyrkjelydane betrar lokalt informasjonsarbeid. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Tid til å driva informasjonsarbeid. 	Skapa medvit, dela erfaringar og auka kompetanse på informasjonsarbeid.	<ul style="list-style-type: none"> - Deltaking på kurs for kyrkjelydsblad. - Mediesaker frå kyrkja. - Kyrkjelydane sin bruk av ulike informasjonskanalar.
		Bidra til strategisk utvikling av kyrkjelydsblada som kommunikasjonskanal.	
Mediekontakt	3. Tilsette skal bruke media og opptre klokt og strategisk. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Tilsette som opptre strategisk klokt og ansvarleg i media. 	Starta arbeidet med å gje tilsette auka kompetanse og strategisk medvit i forhold til media.	Talet på lokale mediesaker som skadar eller styrker kyrkja.

Måla er delvis nådde.

Brugarundersøkinga viser at dei tilsette på bispedømmekontoret i stort blir oppfatta som vennlege, hjelpsame og gode å ha kontakt med. 2 av 3 som har svart på undersøkinga har ei positiv oppleving av kontakten med leiinga og 4 av 5 har ei positiv oppleving av kommunikasjon med rådgjevarar og andre tilsette, 1 av 3 er svært godt nøgd. Det er bare nokre heilt få som ikkje er nøgde. Det ser ut til å vera spesielle saker eller unntaksopplevingar som gjev dei få negative tilbakemeldingane som kjem.

Nokre har forventningar om meir personleg kontakt med biskopen. Det er i seg sjølv positivt, men slik rollefordelinga i leiinga av prestetenesta er, er det naturleg at behova som ligg bak ofte blir møtt av prost eller andre i administrasjonen.

Tre av fire er nøgde med responstida når dei vender seg til kontoret. Bare 3,4 % er misnøgde. Fleire av dei som gjev nøytrale svar når det gjeld kommunikasjonen, seier dei har for lite kontakt til å svara skikkeleg.



Tre av fire er også nøgde med informasjonsarbeidet i bispedømmet. 6,4 % har eit uttrykt ønske om meir. I kommentarane kan me sjå ønske om at informasjon frå bispedømmet blir samla i felles utsendingar på e-post. Ein respondent peikar på at informasjon om samlingar kan komma litt for seint i forhold til planlegging, men seier også at dette har blitt betre.

Bispedømmet har ikkje teke spesielle initiativ for å profilera hendingar i kyrkjelydane i regionale media. Me har heller ikkje sett i gang med systematiske faglege initiativ for å betra informasjonsarbeid lokalt. Dette har handla om kapasitet. Her var ambisjonane høgre ved starten på året enn det som i praksis lot seg realisera.

I januar 2014 blei det halde kurs for kyrkjelydsblad. Kurset hadde 40 deltakarar, som kom med gode tilbakemeldingar. Det kom ønske om fleire

liknande samlingar. Kanskje det neste aktuelle kunne vore eit kurs om lokale nettsider, gjerne i samband med lanseringa av Kyrkjenettet.

RAMU sendte i november ut eit samtaleopplegg som mellom anna handla om kommunikasjon i media. Opplegget tematiserte enkelt spenninga mellom lojalitet, omsyn til kyrkja sitt omdømme, openheit og fridom. Det utfordra også til refleksjon over bruk av sosiale media.

Me har ikkje registrert saker i 2013 som har vore spesielt uheldige ut frå eit mediehandteringsperspektiv. Generelt har me eit ønske om å vera meir aktive med pro filering av positive kyrkjesaker enn det me var i 2013, men igjen handlar det om kapasitet og prioriteringar.

2.6. Demokrati

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Demokrati	Auka deltaking og styrka demokrati.	1. Gjera informasjon om bispedømmerådssaker tilgjengeleg. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Tilgjengeleg informasjon om bispedømmerådet sitt arbeid. 2. Bidra til vidareutvikling av kyrkjedemokratiet på systemnivå, nasjonalt.	Deltakarar på kurs for valde medlemmar (ikkje aktuelt før i 2015).

Målet er delvis nådd.

Det er kort tid mellom utsending av sakspapir og bispedømmerådsmøte. Når det er andre viktige saker som påtar, kan det føra til at publisering av bispedømmerådspapir på nett blir utsett. Då ligg det inne ei melding om at dei som ønskjer innsyn i sakspapir og protokollar kan ta direkte kontakt.

Vedtak i tilsetjingssaker blir stort sett lagt ut som eigne nyhende, same dag eller påfølgjande dag, når den som får tilbod om stillinga er orientert. Dette er dei sakene det er størst merksemd rundt.

Bispedømmet har gjeve svar på høyringar om framtidige valordningar og vore med i prosessen fram mot forslag. Me har komme med innspel og ønske som også har blitt integrert i dei nasjonale forslaga.

3. Prestetenesta

3.1. Prestedekning og rekruttering

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Prestedekning og rekruttering.	1. Kyrkjelydane og kyrkjemedlemmene skal ha god prestedekning. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Ein omforeint gjennomgang som dokumenterer ressurs situasjonen i prostiet.	Ny kyrkjelydsprestressurs.	Gjennomsnittleg tal på kyrkjemedlemmer pr. pretestilling.
		Styrking av studentprestenesta.	
		Ei rettferdig fordeling av kyrkjelydsprestressursane prostia imellom ut frå bispedømmet sin ressursmodell.	
	2. Prestane skal halde gudstenester og utføre kyrkjelige handlingar. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Rettferdig arbeidsfordeling mellom prestane.	Rettferdig fordeling av gudstenester og kyrkjelege handlingar prestane imellom innan det enkelte prosti, der ein og tek omsyn til livsfasepolitikken.	Gjennomsnittleg tal på gudstenester og kyrkjelege handlingar pr. prest.
		3. Rekrutteringa til presteneste skal styrkast. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Utarbeiding av eit rekrutteringsopplegg som når fram til aktuelle personar (søkjjarar, sokneråd).	Innrekruttere yngre prestar.
	Møte kyrkjelydane og deira forventningar ved tilsetjing.		Avgang frå prestenesta.

Resultatmål: Kyrkjelydane og kyrkjemedlemmene skal ha god prestedekning.

Etatsstatistikken for 2013 seier at Stavanger bispedømme har 3713 kyrkjemedlemmar pr. prest. Dette er høgast i landet og 20% over gjennomsnittet. Viss me reknar bare prestar og prostar i kyrkjelydsteneste og trekk frå prostane sin administrative del, er talet på medlemmar pr. presteårsverk 3917.

Stavanger biskop og bispedømmeråd har derfor arbeidd aktivt for å få midlar til ny presteressurs over statsbudsjettet. Me gler oss over det me ser som eit prinsipielt gjennomslag for dette i statsbudsjettet, og for signalet i tildelingsbrevet om at det er naudsynt å utvikla ein nasjonal modell for fordeling.

Ved plassering av ny ressurs, gjev bispedømmet sin ressursmodell gode føresetnadar for å sjå kor det er minst presteneste i forhold til oppgåvene. Ressursmodellen blir også brukt når stillingar blir ledige, for å sjå kva som vil vera tenleg fordeling av presteressursen framover.

Det var planlagt å sjå nærare på ressursfordeling internt i prostia i 2013, ut frå ressursmodellen. Dette arbeidet er utsett til 2014.

Resultatmål: Prestane skal halde gudstenester og utføre kyrkjelege handlingar

Her er ei oversikt over kor mange gudstenester og kyrkjelege handlingar prestane gjennomsnittleg har utført dei siste åra, fordelt på faste årsverk slik dei står i etatsstatistikken.

	2010	2011	2012	2013
Gudstenester (alle)	64	62	64	62
Gravferd	30	30	30	29
Vigsel	11	10	11	10
Konfirmantar	46	47	47	45
Dåp	46	46	46	42
Årsverk	97	95	92	93

I gjennomsnitt utførte altså kvar prest i 2013 i gjennomsnitt 188 kyrkjelege handlingar og gudstenester. Dette vitnar om høg produktivitet og aktivitet.

Mengda fordelt på talet på prestar har vore relativt stabil i perioden. Grunna den statistiske utviklinga har faktisk oppgåvemengda pr. prest gått forsiktig ned. Auka i stillingar frå 92 til 93 har sjølvsagt også verka positivt inn på oppgåvemengda, som likevel i stort ligg på same nivå, og høgt samanlikna med resten av landet.

Det har vore arbeida med livsfasepolitikk for å betre leggja til rette for personalpolitikk tilpassa alle livsfasar. Ein slik livsfasepolitikk kan påverke arbeidsfordelinga mellom prestane. Nye tiltak er ikkje satt i gang ettersom livsfasepolitikken ikkje er endeleg vedteken. I 2013 har vi ikkje gjort endring av tenestestad for nokon av prestane.

Resultatmål: Rekrutteringa til prestenesta skal styrkast

Stavanger biskop er representert i planlegging og gjennomføring av Forum for teologistudentar på Misjonshøgskolen. Her møter studentane prestar i teneste og tek opp tema knytt til prestenesta gjennom innleiingar, intervju og samtale. Tiltaket er evaluert av studentane og har vist seg viktig for å skapa fellesskap, informera og motivera til presteneste. Teologistudentane på Misjonshøgskulen er den viktigaste rekrutteringsarenaen for presteneste i bispedømmet.



Fem prestar feirar at Sviland kapell er 100 år

Vegen til presteteneste er det viktigaste rekrutteringsarbeidet i møte med studentane. Her får studentane eit både realistisk og engasjerande møte med prestetenenesta, gjennom arbeid med relevante tema og møte med biskopen, rådgjevarar og kyrkjelydsprestar. Gode evalueringar og erfaringar viser at VTP både motiverer, gjev god personleg vegleing og gjev bispedømma nyttig personleg kjennskap til kandidatar og framtidige ordinandar og søkjarar.

I møte med studentane merkar me at vilkåra rundt prestetenesta har mykje å seia for studentane sine val. Studentane er spesielt opptekne av arbeidstid og moglegheit for å kombinera presteteneste og familieliv.

Dei lokale kyrkjelydane er ein sentral rekrutteringsarena til alle kyrkjelege stillingar. Eit godt barne- og ungdomsarbeid, der deltakarane kjem i kontakt med prestar, andre kyrkjeleg tilsette og kyrkjeleg engasjerte førebilete, er viktig for å motivera til presteteneste. Dette har vore tema i prostemøte, og me veit at nokre av kyrkjelydane har eit godt fokus, men me ønskjer å arbeida meir systematisk med å utnytta moglegheitene her. I årsplanen for 2014 er også ungdom eit særskilt satsingsområde.

Når Stavanger bispedømmeråd lyser ut prestestillingar blir yngre prestar og kvinner oppmoda om å søkje. Dessutan blir mange av utlysingstekstane profilerte på ein slik måte at yngre prestar kan tilsetjast. I 2013 var 8 % av prestane under 40 år, noko som er ein nedgang på 4 % frå 2012. Dette

medfører at det må leggjast ytterlegare til rette for å få yngre søkjarar, og BDR visa sterkare vilje til å tilsetja desse.

Bispedømmet har få kapellanstillingar. Ledige soknepreststillingar i aktive kyrkjelydar som gjennom utlysningstekstane uttrykkjer høge forventningar til dei som skal søkje, rekrutterer dårleg blant unge prestar.



3.2. Arbeidsmiljø og personalpolitikk

Satsings-område	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Arbeidsmiljø og personalpolitikk	1. Nye prestar skal få ei omfattande og god innføring i prestetenesta. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Prestane opplever seg ivaretatt og får nødvendig informasjon gjennom innføringsprogrammet.	Implementere innføringsprogram for nye prestar.	Gjennomsnittleg tal på dagar med opplæring for nyttilsette prestar.
	2. Prestane skal ta del i etter- og vidareutdanning. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Betra rammer (ressursar) gjev merkbar vekst i studiar og etterutdanning. - Spesialkompetanse blir verdsett ved at han blir delt med andre i eit større område.	Min. 75 off. prestar gjennomfører kompetansegevande etterutdanning i 2013. Oppdatering av kompetansekartet og aktiv bruk av spesialkompetanse i prostia.	Del av prestane som har delteke på etter- og vidare-utdanningskurs (totalt).
	3. Prestane skal ha regelmessig vegleiing. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Vegleiing blir vektlagt som eit nødvendig verktøy for å utføre presteteneste.	Vidareføre arbeidet med tverrfaglege ABV-grupper.	Del av prestar som har fått vegleiing.
		Leggje til rette for ABV for eldre prestar.	
Leggje til rette for deltaking i mentorordning, min. 3 par.			
4. Utarbeiding og iverksetting av ein aktiv livsfasepolitikk. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Positiv forventning blant prestane til at arbeidsgjevar ser og møter dei i dei ulike aldersfasane av tenesta.	Auke mangfaldet av vegleingstilbod og auke delen av prestar som nyttar seg av vegleing.	Talet på prestar som etter søknad og/eller samtale har fått tilhøva for prestetenesta tilrettelagt.	
	Alle prestar under 40 i vegleing.		
Trusopplæring	5. Trusopplæring – prestemedverknad <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Positivt medvit blant prestane om deira rolle og funksjon i trusopplæringa, på alle nivå.	Prestane skal medverke med sin teologiske kompetanse i tverrfagleg utarbeiding av trusopplæringsplanar.	Tal på prestar som har delteke i arbeidet med trusopplæringsplanar.

Resultatmål: Nye prestar skal få ei omfattande og god innføring i prestenesta

Nytt innføringsprogram for nye prestar er innført i året som gjekk. Innføringsprogrammet er initiert av Bispemøtet og prostane har ansvaret for den lokale implementeringa. Den første presten som deltek i programmet starta teneste desember 2013.

Vi manglar no eit eige kurs for nye sokneprestar. Det treng vi, men programmet for eit slikt kurs kan gjerne tilpassast det generelle innføringsprogrammet for dei som er nye i prestenesta slik at det blir noko meir avgrrensa enn tidlegare sokneprestkurs.

Ei mentorordning for unge prestar er etablert, og ordninga er starta for tre unge prestar og tre mentorar. Dei har deltatt på to samlingar på Gardermoen og elles følgd programmet.

Resultatmål: Prestane skal ta del i etter- og vidareutdanning

63 prestar gjennomførte kompetansehevande etterutdanning i samband med ei studiereise til Israel og Palestina. To som ikkje var med på tur var med på andre kompetansegejvande tiltak i REU-systemet. Målet på 75 var altså noko for høgt i forhold til det me fekk til. Me måtte hatt enno høgare deltaking på studietur eller fleire på nasjonale kurs. Det siste ville ikkje vore realistisk økonomisk eller praktisk, fordi slik deltaking er såpass ressurskrevjande at me ikkje klarer mange kvart år.

Bispedømmet har også hatt mange tiltak som ikkje har vore kompetansegejvande i form av studiepoeng. Prestane har ei årleg studieveke, det er prostivise samlingar om faglege tema, retreatar og fagdagar. I 2013 blei det også arrangert prestekonvent med 90 deltakarar. Fem av prostia hadde eigne, mindre studieturar.

Resultatmål 3: Prestane skal ha regelmessig vegleiing

Gjennom Stavanger bispedømme sitt samtalesenter (Stallen) har prestane tilbod om vegleiing. Fire sjelesørgjarar har samtaler med kyrkjelege tilsette i bispedømmet. I 2013 hadde dei 300 samtaler med 65 personar, derav 26 offentleg tilsette prestar.

Prostane har hatt regelmessig felles vegleiing. Vegleiinga er gjort av Arne Børresen. Kollegavegleiing er enno ikkje sett i gang, men er ein del av kompetanseplanen for 2014-16.

Det var fem ABV-grupper i funksjon i 2013. Gruppene er i prinsippet kontinuerlege. To av desse er reine prestegrupper, ut frå klare ønske frå deltakarane. Gruppene hadde 26 deltakarar til saman, 16 av desse var BDR-tilsette prestar. Ei gruppe er ei tilnærma seniorgruppe. I 2012 kontakta prost eller bispedømmeadministrasjonen prestar systematisk for å rekruttera fleire seniorar, og dei som takka ja fekk tilbod.

Ingen av prestane i vegleining er under 40 år. Yngre prestar har fyrst og framst fått tilbod om mentor, individuelt eller innan mentorprogrammet. Til dels møter dette behovet, men me har i årsplanen 2014 fastsett at dei og får ABV tilbod.

Bispedømmet har bare fire tilgjengelege vegleiarar som er i kyrkjeleg stilling.



Det er svakt sett i høve til resten av landet. For å kunna ha eit tilbod om ABV må me henta vegleiarar utanfrå, og me har ei lita venteliste av folk som ventar på gruppe.

Resultatmål: Utarbeiding og iverksetting av ein aktiv livsfasepolitikk

Det er i 2013 nedsett ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utarbeide eit forslag til livsfasepolitikk. Forslaget skal vurdere tiltak for alle livsfasar. Nye tiltak er ikkje innført i 2013.

Resultatmål: Trusopplæring – presten sin medverknad

Tema blei sentralt på Prestekonventet i 2013. Rådgjevarane for trusopplæring tok opp tema på ein fagdag for prestane i november. I alle utlysningstekstar for kapellantar og sokneprestar står det no at presten vil vera ein sentral medarbeidar og aktør i gjennomføringa av trusopplæringa i kyrkjelydane. Det blir og vektlagt i intervjuva innstillingsråda har ansvar for. Vi lukkast best med trusopplæringsreforma i dei kyrkjelydane der og presten går aktivt inn i arbeidet med planar og gjennomføring.

3.3. Kvinner i presteneste og leiarstillingar

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Kvinner i presteneste og leiarstillingar.	1. Delen av kvinnelege prestar, prostar og biskopar skal aukast.	Auke delen av kvinnelege prestar (inkl. fleire prostar) frå 14 % til 20 %.	Del av kvinner i faste prestenestingar.
	<i>Kritiske suksessfaktorar:</i> - Ansvarsbevisstheit og interesse hjå aktørane i tilsetjingssaker for å betre kjønnsbalansen i bispedømmet.		Del av kvinner i stillingar som prost og biskop.

Resultatmål: Delen av kvinnelege prestar, prostar og biskopar skal aukast.

Til 13 utlyste stillingar var det 27 kvinnelege og 70 mannlege søkjarar. Talet på kvinner som søkte stilling hos oss gjekk opp frå 24 til 27 frå 2012 til 2013.

Tre kvinner og 10 menn blei tilsette. Ein kvinneleg prost starta sitt arbeid 01.02.2013. Dei to kvinnelege prestane har startar teneste i 2014.

Ved rapporteringstidspunktet har vi 17 kvinner i prestenestingane, noko som svarar til 16,7 % kvinneandel. Dette er ein auke på 2,7 % frå 2012. Vi har ikkje nådd målet på 20 % kvinner. Med eit mål om 25 % kvinner i stillingane innan utgangen av 2014, har BDR pålagt seg sjølv eit klårt ansvar i arbeidet med å rekruttera og tilsette fleire kvinner i ledige stillingar.



3.4. Prostetenesta

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Prostetenesta	Styrke leiarkompetansen hjå prostane. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none"> - Prostane tileignar seg nødvendige kunnskapar og dugleik som arbeidsgjevar. - Prostane har tett kontakt med rådsorgana og deira tilsette i prostiet slik at prestetenesta og rådsorgana arbeider godt saman. 	1. Styrke prostane sin leiarkompetanse og dugleik som arbeidsgjevar.	Arbeidsplassundersøkinga 2013 skal vise betre resultat mht. prostane si leiing.
		2. Styrke prostane sin dugleik til å gjennomføre samordning mellom prestetenesta og rådsorgana.	



Domprost
Anne Lise Ådnøy

Delmål: Styrke prostane sin leiarkompetanse og dugleik som arbeidsgjevar

Prostemøta blir brukte til å styrke prostane sin dugleik som arbeidsgjevar. HMS-dag blei gjennomført 30.10 med fokus på prostane sine leiaroppgåver ved sjukdom og regulering av arbeidstid.

Det er utarbeidd eit eige dokument i 2013 som skisserer prostane sine arbeidsoppgåver, der målet er å klargjere dei forventningane og oppgåvene som ligg til prostetenesta. Dokumentet er utarbeidd i dialog med prostane.

Prostane har gjennomført medarbeidersamtalar med alle prestane.

Prestane si vurdering av prostane som leiarar i arbeidsplassundersøkinga frå november 2013, viser at prestane er meir nøgd enn tidlegare år. Særleg god vurdering gjev prestane av samarbeidet med prosten (5,31 på ein skala mellom 1 og 6).

I arbeidsmiljøundersøkinga er det 2 prestar som seier at dei opplever mobbing/trakassering på arbeidsplassen. Vernetenesta og prosten arbeider konkret i forhold til desse sakene. I tre av prostia blir det gjennomført vernerundar for alle dei tilsette i stabane annakvart år med vekt på det psykososiale arbeidsmiljøet. Også i nye prosti arbeider vi nå med å få i gang slike psykososiale vernerundar etter at det frå 2013 er bedriftshelse teneste på plass i alle prostia. Begge dei to mobbesakene er melde i prosti utan psykososiale vernerundar. Vi meiner at slike vernerundar verkar førebyggjande i høve til mobbing.

I lokallaga blir samtaleopplegget «Skikk og uskikk» brukt aktivt. Dette er eit nytt opplegg utarbeidd på initiativ frå RAMU i 2013. Samtaleopplegget har særleg fokus på korleis ein som medarbeidar i kyrkja kan kommunisere best mogeleg internt og eksternt i kyrkja; særleg når ein er usamd av teologiske og andre grunnar. Vi ser på opplegget som viktig i førebygging av mobbing.

Delmål: Styrke prosten sin dugleik til å gjennomføre samordning mellom prestenesta og rådsorgana.

Stavanger biskop har pålagt prostane at dei skal ha minst 2 kontaktmøter med kyrkjevevjerene i prostia kvart semester. Nokre prostar har fleire slike møter i semesteret. Nokre færre.

Dei fleste prostane har og samlingar der kyrkjevevjerer og daglege leiarar på kyrkjelydsnivå møtes om ulike tema om leiing og samordning mellom prestenesta og rådsorgana.

I årsplanen for 2013 låg det og klare føringar for prosten si oppfølging av rådsorgana i prostiet, og at prosten i sin leiing av prestenesta søker å få til eit best mulig samordning mellom prestenesta, dei andre tilsette og rådsorgana.

I arbeidet med innføring av nye gudstenesteordningar og i utvikling av trusopplæringsreforma, har prostane fleire stadar hatt ei god hand om samordning av arbeidet.

Det er planlagt kurs for kyrkjevevjerer og prostar om styrking av kompetansen til endringsleiing i 2014.

Måla er delvis nådd.

3.5. Forvaltning av prestebustadar

Mål for bispedømmet: Ordninga med buplikt i prestebustadar skal verke motiverande og rekrutterande.

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Prestebustadar	Prestane skal oppleve trivsel i tenestebustadane. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none">- Arbeidsgjevar har kunnskap om tilstanden på prestebustadane.- Arbeidsgjevar rapporterer til kommunane og Opplysningsvesenets Fond om kva som trengs gjerast med prestebustadane.- Eigar av bustaden utfører nødvendige tiltak på bustadane.	1. 80 % av prestane som bur i tenestebustad rapporterer tilstanden på bustaden.	Talverdi på arbeidsmiljøundersøking 2013.
		2. Oppfølging av tilstanden på prestebustadane.	
		3. Styrke arbeidsgjevar sin kunnskap om prestane si oppleving av bustadsituasjonen.	

Måloppnåing og vurderingar

Tilstanden på prestebustadane er følgt opp ved at prestane har fylt ut og sendt bustadmelding til bispedømmerådet, og at rapporterte feil og manglar er meldt vidare til huseigarane. I tillegg har vi følgt opp gjennom synfaringar i bustadane og kontakt med kommunane.

72 % av prestane(28 av 39) som bur i kommunal bustad har sendt inn bustadmelding i 2013, medan 81 % av prestane i OVF-bustad (13 av 16) sende inn bustadmelding. Den samla svarprosenten er på 72 %. Vi hadde sett oss som mål at 80 % av prestane skulle levere bustadmelding.

I arbeidsmiljøundersøkinga blant prestane for år 2013 gav prestane følgjande vurderingar av prestebustadane (på ein skala frå 1 til 6, der 6 er høgste verdi):

	Kommunale	OVF
2013	4,96	4,38
2012	4,75	4,25
2011	4,5	4,2
2010	3,87	4,00
2009	3,98	4,14
2008	4,5	4,1
2007	4,1	3,7
2006	4,8	3,9

Prestane si vurdering av dei kommunale prestebustadane har vore stigande dei siste åra. For bustadar som OVF eig er vurderinga også stigande, men ikkje på same nivå som for dei kommunale bustadane.

I skjemaet for prostane sin medarbeidarsamtale med prestane ligg det inne spørsmål knytt til bustadsituasjonen for den einkilde prest. Vi vil halde fram med det målretta arbeidet for å betre trivsel og bustandard for dei prestane som har buplikt i tenestebustad. Det er nødvendig med eit særleg fokus på dei bustadane Opplysningsvesenets Fond eig.

Måla er nådd.



*Biskopen med pilegrimskartet for Rogaland i hendene.
Prestebustadar er ikkje avmerka!*

3.6. Vegen til presteteneste (VTP)

Satsingsområde	Resultatmål	Delmål 2013	Resultatindikator 2013
Vegen til presteteneste.	Enno betre resultat i evalueringa frå studentane enn i 2012. <i>Kritiske suksessfaktorar:</i> <ul style="list-style-type: none">- God planlegging av O1 / O2.- Vellukka plassering av stiftspraksisstudentar.- God tilrettelegging av stiftspraksis på praksisstaden.- Kontinuerleg vedlikehald av databasen.	1. Betre evaluering frå O1 og O2-studentane enn i 2012.	Gjennomsnittleg totalscore på evalueringa.
		2. Betre evaluering frå stiftspraksis / O3-studentane enn i 2012.	
		3. God oversikt over studentane som er tilknytt bispedømmet.	

Målet om betre evaluering frå O1 og O2-studentane blei nådd. Gjennomsnittet var 8,0, mot 7,8 i 2012. Me var nøgde med både planlegging, gjennomføring og kontakt med studentane, og både praktisk tilrettelegging og innhald var godt.

Me hadde 5 MHS-studentar i stiftspraksis våren 2013 og ein MF-student hausten 2013. Det er evalueringa for våren det er lettast å lesa lokale resultat ut frå, sidan 5 av 7 MHS-studentar hadde praksis i Stavanger bispedømme. MHS-studentane gjev ei totalvurdering av praksis på heile 9,6 av 10, og ligg merkbart høgre enn studentane frå dei andre lærestadene. Dette tyder på at me har lagt godt til rette.



God stemning på VtP

Stavanger bispedømme sin visjon

Ví er sendt
av den treeinige Gud
for å dela evangelíet
om Jesus Kristus í ord og handling

Det skal vera grunntonen í årsrapport og verksemd.

Stavanger, den 18.02.2014

Erling Pettersen

Stavanger biskop

Terje Fjeldheim

Stavanger bispedømmeråd, leiar

Åge Bognø

Stiftsdirektør

Vedlegg:

Årsplan 2014

Strategí 2011 - 2014

Framsideo: Olaf Grødem.

Foto frá Pasjon 2013: Minna Suojoki (ikkje tablaa)

Foto frá Ungdomstinget: Knut Vegard Fosse, Gand media.

Foto frá visitas i Bekkefare: Olaf Grødem.

Foto elles: Geir Skårland, Morten Sandland og andre ved Stavanger bispedømmekontor.